Føremålet med retten til spesialpedagogisk hjelp er å gje barnet tidleg hjelp og støtte i til dømes språklege og sosiale ferdigheiter. Dette følgjer av barnehagelova § 19a andre ledd. Hjelpa skal bidra til barnets utvikling og læring. Hjelpa skal også bidra til at barnet blir betre rusta til å starte i skulen og til at barnet får nødvendig hjelp, slik at vanskar blir avhjelp på eit tidleg tidspunkt.

Når vi kontrollerer at kommunen som barnehagemyndigheitens praksis for å gjere vedtak om spesial pedagogisk hjelp, er det for å sikre barnehagemyndigheitas regelverksetterleving på området. Vi undersøker mellom anna om enkeltvedtaka er så klare og tydelege at foreldra kan forstå kva som er omfang, innhald og organiseringa av den spesialpedagogiske hjelpa.

I dette tilsynet finn Fylkesmannen at kommunen ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi varslar at vi gjere vedtak kor vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. barnehagelova § 9 første ledd, jf. kommunelova § 30-4:

Kommunen må sørge for å fatte vedtak om spesialpedagogisk hjelp som oppfyller krava i barnehagelova kap. 5 A og saksbehandlingsreglene i forvaltningslova, jf. barnehagelova § 19 a og [forvaltningslova §§ 2, 11 a, 17, 23, 24, 25 og 27].

Kommunen må i den forbindelse sjå til at:

1. Foreldra får mogelegheit til å uttale seg om innhaldet i sakkyndig vurderinga før det blir fatta vedtak om spesialpedagogisk hjelp
2. Det blir henta inn samtykke frå foreldra før kommunen fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp
4. Det fattast vedtak i alle saker der PPT har gjennomført ei sakkunnig vurdering
5. Vedtaka inneheld informasjon om kva den spesialpedagogiske hjelpa skal gå ut på jf. § 19 e første ledd bokstav a
8. Vedtaka om spesialpedagogisk hjelp inneheld informasjon om korleis hjelpa skal organiserast.
9. Vedtak inneheld tilstrekkeleg informasjon om kva kompetanse dei som gjev hjelpa skal ha
10. Vedtaka om spesialpedagogisk hjelp gir tilbod om foreldrerådgeving
12. Vedtaket må ta stilling til og synleggjere kva for spesialpedagogisk hjelp som er til det beste for barnet.

13. Vedtaka inneheld informasjon om at Fylkesmannen er klageinstans og vedtaka må innehalde informasjon om retten til å sjå sakas dokumentar

Kommunen fekk ein førebels tilsynsrapport og har ikkje kome med nokon innvendingar til innhaldet. Fylkesmannen gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til **15. juni 2021**.

Innhold

1	Innleiing	5
1.1	Kort om kommunen	5
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet	5
2	Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp	6
2.1	Krav til innhald i vedtak	6
2.1.1	Rettsleg grunnlag.....	6
2.1.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	7
2.2	Barnets beste.....	17
2.2.1	Rettsleg grunnlag.....	17
2.2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	18
2.3	Informasjon om klagerett og innsyn.....	19
2.3.1	Rettsleg grunnlag.....	19
2.3.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	19
3	Pålegg om retting	19
3.1.1	<i>Kommunen må i den forbindelse sjå til at:</i>	20
3.1.2	Oppfølging av pålegga	20
3.1.3	De har rett til å klage	21

1 Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 9 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om barnehagemyndigheita oppfyller barnehagelova med forskrifter.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Kort om kommunen

Bygland kommune er ein kommune i region Setesdal i Agder fylke. Den grenser i nord mot Valle, i øst mot Fyresdal og Åmli, i sør mot Froland og Evje og Hornnes, og i vest mot Åseral, Kvinesdal og Sirdal.

Størstedelen av kommunen ligg over 700 m.o.h. Kommunen er stor i utstrekning, og ca. 80 % av kommunens areal er fjell, skog, myr, vann, og beiteland.

Kommunesenteret er Bygland, og Byglandsfjord er kommunens største tettstad.

I annet kvartal 2020 var det 1145 innbyggjarar i Bygland kommune.

Kommunen har to oppvekstsentera Bygland og Byglandsfjord. Begge oppvekstsentera har kombinert grunnskule- og barnehage. Begge barnehagane er kommunale.

Det er registrert 54 barn i alderen 0-5 år i kommunen. 44 barn har barnehageplass. 24 ved Bygland oppvekstsenter og 20 ved Byglandsfjord. Andelen barn i alderen 1-5 år som har plass i barnehage er 88 %. Andelen barn med fulltids plass er 75 %. Dette er lågare enn gjennomsnittet for landet.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Fylkesmannen (statsforvalteren frå 2021) opna tilsyn med Bygland kommune i brev 03.03.2020. I e-post 18.03.20 informerte vi om at tilsynet skulle utsetjast grunna situasjonen med korona. Vi tok opp att tilsynet i e-post av 07.09.2020.

Kommunen blei pålagt å levere dokumentasjon til oss, og Fylkesmannen fekk dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet er: Fatte vedtak om spesialundervisning.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Under dette temaet kontrollerer vi undertema:

Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp, barnehagelova § 19e, jf. § 19a, jf. forvaltningslova §§ 2,18,19,24,25 og 27, og barnekonvensjonen artikkel 3.

Føremålet med tilsynet er å kontrollere at kommunen følgjer krava i regelverket når det gjeld å fatte vedtak om spesialundervisning, jf. barnehagelova kapittel 5A.

Dersom barnehagemyndigheita ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

I denne rapporten presenterer vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar.

Bygland kommune er vald ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylte, og kva for konsekvensar det kan få for barna. Denne risikovurderinga byggjer på følgjande kjelder:

Informasjon i Basil om barn i kommunen med spesialpedagogisk hjelp: I årrapporteringa frå 2019 har barnehagane ikkje registrert barn som får spesialundervisning under punkt 6a og heller ikkje barn med nedsett funksjonsevne under punkt 6b. I kommuneskjemaet under punkt 1c er det heller ikkje registrert om det er barn som får spesialpedagogisk hjelp som ikkje går i barnehage.

Fylkesmannen si sektorovervaking: Fylkesmannen har generelt i alle kommunar registrert ei uklar regelverksforståing når det gjeld grensegangen mellom barns rett til spesialpedagogisk hjelp (§ 19 a) og rett til individuelt tilrettelagt barnehagetilbod (§ 19 g).

Vi sende førebels tilsynsrapport til dykk 11. desember 2020. I rapporten presenterte vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar. Kommunen har kommentert innhaldet i den førebelse rapporten innan fristen 06.01.2021. Det går fram av tilbakemeldinga at kommunen seier seg einige i Statsforvaltarens vurderingar og konklusjonar i førebels rapport.

2 Gjere vedtak om spesialpedagogisk hjelp

2.1 Krav til innhald i vedtak

2.1.1 Rettsleg grunnlag

Det er kommunen som barnehagemyndigheit som er ansvarleg for å oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp for barn under skulepliktig alder i kommunen, jf. Barnehagelova § 19a.

Kommunen skal fatte vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Når dei har fått ei sakkunnig vurdering, skal dei fatte vedtak, uavhengig av om dei innvilgar hjelp eller ikkje.

Foreldre må samtykke til at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering, og dei må få moglegheit til å uttale seg om den sakkunnige vurderinga før det blir fatta vedtak.

Foreldra kan samtykke til sakkunnig vurdering og vedtak om spesialpedagogisk hjelp samstundes, men dersom dei berre har bede om ei sakkunnig vurdering, må det innhentast særskilt samtykke før det blir fatta vedtak.

Når det gjelder samtykke til vedtak om å sette i gang spesialpedagogisk hjelp krevjast det samtykke frå begge foreldra, sjølv om barnet bor fast berre hos den eine.¹

Saka må vere tilstrekkeleg opplyst før det blir fatta vedtak, jf. Forvaltningslova §17.

Vedtaka må innehalde informasjon om kva den spesialpedagogiske hjelpa skal gå ut på, og kor lenge ho skal vare, jf. § 19 e andre ledd bokstav a og b.

Det må også gå fram kva timeomfang hjelpa skal ha, jf. § 19 e andre ledd bokstav c og korleis hjelpa skal organiserast, jf. § 19 e andre ledd bokstav d.

Spesialpedagogisk hjelp skal som hovudregel bli gitt av ein person med formell pedagogisk kompetanse, og de skal skrive tydeleg i vedtaket kva for kompetanse som krevjast av dei som skal gi hjelpa, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav e. Dersom delar av hjelpa skal bli gitt av assistent, må dette gå tydeleg fram av vedtaket, og det må vere klart kven som er ansvarleg for å rettleie assistenten.

I tillegg til ressursar som skal dekkje barnet sitt behov, må de òg gi tilbod om foreldrerådgiving i vedtaket, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav f.

2.1.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Vi har samla motteke seks sakar som handlar om barn under opplæringspliktig alder frå Bygland kommune. I alt har vi fått døme på fem enkeltvedtak. Tri av dei innsende enkeltvedtaka er gjort av tenesteleiar ved Byglandsfjord oppvekstsenter, og to er gjort av tenesteleiar ved Bygland oppvekstsenter. Vi har ikkje kontrollert kommunens delegasjonsreglement i dette tilsynet. Men – det frem står som lite klart kven i kommunen som er delegert mynde etter barnehagelova. Spesialpedagogisk hjelp er nå regulert i barnehagelova, og derfor er det viktig at dette er synleg i kommunes delegasjonsreglement. Ein delegasjon skal alltid være forsvarleg, og kommunen må sikre at den som utøver mynde har tilstrekkeleg kapasitet. Det gjeld også kven som har delegert fullmakt til å fatte vedtak for barn som ikkje går i barnehage.

Våre observasjonar har vore knytt til innsende eigenvurderingar i RefLex, rutineskriv og døme på sakshandsaming og vedtak som vi har mottatt i tilsynet.

¹ Dette er avklart i brev frå Barne-, likestillings-, og inkluderingsdepartementet til Kunnskapsdepartementet datert 16.06.2015.

Kontrollspørsmål

1) Får foreldrene mulighet til å uttale seg om innholdet i sakkyndig vurdering før det fattes vedtak om spesialpedagogisk hjelp?

Våre observasjoner og vurderingar:

Når det skal avgjerast kor og korleis barnet skal få hjelpa, er det viktig at foreldra tas med på råd. Foreldrenes medverknad er ei viktig føresetnad for at den spesialpedagogiske hjelpa skal fungere på ein god måte. Foreldra skal få moglegheit til å uttale seg når pedagogisk psykologisk teneste (PPT) utgreier og vurderer behovet for spesialpedagogisk hjelp. I tillegg skal de får moglegheit til å uttale seg til den som skal fatte vedtak.

Kommunen svarer ja på dette i RefLex. Dei skriv at den sakkunnige vurderinga blir sendt til føresette etter eit tilbakemeldingsmøte. På dette møtet får foreldra høve til å uttale seg om vurderinga.

Det kan sjå ut til at PPT sender den sakkunnige vurderinga til foreldra. Saman med vurderinga til PPT ligg det ved informasjon om saksgangen vidare. Informasjonen har eit punkt som seier at den som er part i saka, har rett på innsyn og til å uttale seg. Dersom foreldra har innspel til den sakkunnige vurderinga, blir dei bedt om å rette det til PP-tenesta innan 16 dagar frå brevet er datert.

I kommunens rutine «Rutinar som skal sikre tilbodet for barn med spesielle behov», under punkt 7 står det: Etter den sakkunnige utgreiinga føreligg skal det vere eit møte med dei føresette om resultata.

Ut i frå dokumentasjonen er det ikkje klart om det blir gjennomført tilbakemeldingsmøte etter at den sakkunnige vurderinga føreligg. Kommunen har ikkje lagt ved referat som viser at dette ble gjort i tråd med rutinen. Det er uklart om den som skal fatte vedtaka veit kva foreldra tenker om det som står i den sakkunnige vurderinga før vedtaket blir fatta. Dette er ikkje i tråd med krava i loven

Konklusjon:

Bygland kommune gir ikkje foreldra moglegheit til å uttale seg om innhaldet i sakkyndig vurdering før det blir fatta vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

Dei rettslege krava er ikkje oppfylt.

2) Hentar kommunen inn samtykke frå foreldra før kommunen fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp?

Våre observasjoner og vurderingar:

I RefLex svarer kommunen: «Den sakkunnige vurderinga blir sendt til føresette etter eit tilbakemeldingsmøte. På tilbakemeldingsmøtet får føresette høve til å uttale seg om vurderinga. I den sakkunnige vurderinga kjem det fram korleis vidare saksgang går føre

seg, og korleis saka skal bli følgt opp. Føresette får også informasjon om korleis dei skal gå fram for å uttale seg om vurderinga».

Skjema for tilvising til pedagogisk psykologisk teneste for Setesdal inneheld ein rubrikk om at samtykke til at utgreiing/kartlegging vert sett i gang. Kommunen opplyser i RefLex at dei har ein utstrekt møteverksemd i samband med tilvisings- prosessar der føresette deltek, og at dei seier seg samde i at det vart utarbeidd sakkunnig vurdering.

I kommunens rutine « Rutinar som skal sikre tilbodet for barn med spesielle behov», under punkt 7, står det at føresette må samtykke til tilvising til PPT. Vidare står det i rutinen at etter den sakkunnige utgreiinga føreligg skal det vere eit møte med dei føresette om resultat. Det står ikkje noko i rutinen om at det er krav til eit nytt samtykke frå foreldra før det blir fatta vedtak.

Det ser ut til at kommunen har rutinar og praksis for at foreldra blir trekt med i prosessen før tilvisinga til PPT, og det blir henta inn samtykke då. Vidare går det frem av rutinen at det skal vere møte med foreldra om resultatet av den sakkunnige vurderinga. Men på dette steget er ikkje samtykke nemnt. Det kan virke som at kommunen ikkje har rutinar for at det skal hentast inn nytt samtykke før det blir fatta vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

I skjemaet for tilvising til PPT skal begge foreldra skrive under på at dei gjer samtykke til at kartlegginga vert sett i gong, og til at PPT kan innhente naudsynte opplysningar i samband med arbeidet. Men rutinen inneheld ikkje noko om samtykke frå begge foreldra i fasen etter at den sakkunnig vurderinga føreligg og før det blir fatta vedtak. Det er ikkje dokumentert at det føreligg samtykke til vedtak om å sette i gang spesialpedagogisk hjelp, og heller ikkje at det føreligg samtykke frå begge foreldre, sjølv om barnet bur fast berre hos den eine.

Fylkesmannens konklusjon:

Bygland kommune hentar ikkje inn samtykke frå foreldra før kommunen fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

Det rettslege kravet er ikkje oppfylt.

3) Sørgjer kommunen for at saka er tilstrekkeleg opplyst før dei fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp?

Våre observasjonar og vurderingar:

Kommunen svarar ja på dette spørsmålet i RefLex.

Bygland kommune oppgjer at det har vore ti tilvisingar frå barnehagane til PPT i løpet av dei siste fem åra. Det er i perioden utarbeidd sju sakkunnige vurderingar. Kommunen oppgjer at det er fatta sju enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp i same perioden, men vi har berre fått sendt over fem av vedtaka.

I den skriftlege rutinen som skal sikre tilbodet for barn med spesielle behov, står det kva for framgangsmåte barnehagen har når dei er uroa for eit barn. Av rutinen går det frem at ein drøftar barnet på avdelingsmøte, med føresette, spesialpedagogisk -koordinator og

leiinga. Pedagogisk leiar gjennomfører kartlegging av barnet gjennom heile året og drøftar dette med leiinga. Resultatet skal også drøftast med dei føresette.

Før eit barn blir tilvist PPT står det i rutinen at barnehagen må vurdere om barnet kan få hjelp innanfor det ordinære barnehagetilbodet, om ikkje skal barnehagen tilvise til PPT. Ein kan drøfte med PPT før det eventuelt vert ei formell sak i form av ei tilvising til PPT.

Der den sakkunnige vurderinga gjer rett til spesialpedagogisk hjelp, blir det i følgje rutinen nytt møte med foreldra om resultatet før det blir fatta vedtak.

I ei av tilrådingane frå PPT går det fram at PPT si vurdering mellom anna byggjer på rapport frå avdeling for habilitering for barn og unge (HABU). Dette stadfestar at det blir henta inn informasjon frå andre instansar ved behov.

Fylkesmannen vurderer at samla sett så gir det vi ser av praksis og rutinen grunnlag for å si at saka blir tilstrekkeleg opplyst og at PPT har vurdert punkta a-e i bhl § 19 d.

Fylkesmannens konklusjon:

Bygland kommune sørgjer for at saka er tilstrekkeleg opplyst før dei fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

Det rettslege kravet er oppfylt.

4) Fattar kommunen vedtak i alle saker der PPT har gjennomført ei sakkunnig vurdering?

Våre observasjonar og vurderingar:

Det blir bekrefta i eigenvurderingane at det blir fatta enkeltvedtak etter sakkunnig vurdering, både der PPT tilrår spesialundervisning, og der dei ikkje anbefaler det.

Dokumentasjonen viser at i dei seks sakene der det føreligg sakkunnige vurderingar er det fatta enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp i 3 av sakane .

I saka til barn nr. 1,2 og 4 føreligg det ikkje vedtak i den oversendte dokumentasjonen. Saka til barn nr. 1 gjeld utsett skolestart og ikkje spesialpedagogisk hjelp.

I saka til barn nr.2 føreligg det tilvising til PPT, men i den oversendte dokumentasjonen er det ingen sakkunnig vurdering eller vedtak. I saka til barn nr. 4 er det lagt ved to tilvisingar, ei er datert 9. august 2016, og ei frå 15.januar 2018. Det føreligg sakkunnig vurdering datert 11.mai 2018. Vi har ikkje fått oversendt vedtak i saka til barn nr.4.

Vi meiner det ikkje er sannsynleggjort at det blir fatta enkeltvedtak i alle saker der PPT har gjennomført en sakkunnig vurdering.

Fylkesmannens konklusjon:

Kommunen fattar ikkje vedtak i alle saker der PPT har gjennomført ei sakkunnig vurdering.

Det rettslege kravet er ikkje oppfylt.

5) Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva hjelpa skal gå ut på?

Våre observasjonar og vurderingar:

Ved å lese vedtaka skal dei føresette kunne forstå kva slags tilbod barnet vil få.

Det er eit krav at enkeltvedtaket skal fastsetje barnets tilbod klart og tydeleg, jf. «Veilederen spesialpedagogisk hjelp» pkt. 7.1 «*Krav til innholdet i enkeltvedtaket*».

Kommunen svarer i RefLex at vedtaket inneheld informasjon om kva den spesialpedagogiske hjelpa skal gå ut på. Det kan til dømes stå «når på dagen barnet skal motta hjelp», og «kva for situasjonar hjelpa særleg skal rettast mot», og «kva for behov hjå barnet, hjelpa skal dekke».

Vi har fått sendt over sakar til seks barn. Det er fatta tre vedtak for barn nr.3 ved Byglandsfjord oppvekstsenter og to vedtak for barn nr.5 og 6 ved Bygland oppvekstsenter.

I vedtaka fatta for to barn ved Bygland oppvekstsenter har tenesteleiar kopiert frå den sakkunnige vurderinga. Innhald og organisering er skrevet inn i to faste rubrikkar i malen for sakkunnig vurdering. I vedtaket står det at tilbodet blir i samsvar med tilrådinga. Under avsnittet: Vurderingar og konsekvensar gis det ei beskriving av situasjonen, ei vurdering av kva som er viktig, og en vektlegging av kva som er viktigast. Dette er nøyaktig det same som står i den sakkunnige vurderinga.

Kommunen kan gjerne vise til sakkunnig vurdering i vedtaksdokumentet, men det fordrar at den sakkunnige vurderinga er tilstrekkeleg klar på kva innhaldet i hjelpa skal vere.

For barn nr. 3 ved Byglandsfjord oppvekstsenter er det fatta tre vedtak.

I det første vedtaket frå 2015 står det lite om tilbodet som barnet vil få, men det blir gjeve ei grunngjeving for kvifor vedtaket avvikar frå tilrådinga.

I det andre vedtaket frå februar 2016 står det meir om organisering og innhald. Her står det under organisering/innhald: Ekstra oppfølging av ein vaksen store delar av dagen/ hjelpa vil bli gitt midt på dagen med høve til eigne opplegg. Her står kva assistenten skal gje hjelp til: I leik, lage leikegrupper, gje god og tydeleg informasjon slik at det ikkje oppstår vanskelege situasjonar med andre born.

I det neste vedtaket frå desember 2016 er denne beskrivinga identisk med det som står i februar.

Vi kan lese ut av dei innsendte enkeltvedtaka at kommunen har noko praksis for å skildre kva den spesialpedagogiske hjelpa kan gå ut på.

Vår vurdering er at kommunen i liten grad viser til utviklingsmål for barnet slik tilrådinga frå PPT gjer.

PPT har i sin vurdering uttalt seg om kva dei vurderer som realistiske utviklingsmål for barnet. Til dømes står det at barnet får ein god kvardag i barnehagen/ barnet utviklar større grad av fleksibilitet og samhandlar betre med andre born.

PPT har på ein slik måte gjort at det ikkje blir opp til den som skal gje hjelpa å definere innhaldet i det spesialpedagogiske tilbodet. PPT har gjennomgåande samla vurderingane sine på ein stad i den sakkunnige rapporten under overskrifter som realistiske utviklingsmål for barnet, innhald og organisering. Dette kunne ha vore eit godt utgangspunkt for vedtaka.

Fylkesmannen finn at dette ikkje er tydeleg i alle vedtaka.

Fylkesmannens konklusjon:

Bygland kommune sikrar ikkje i tilstrekkeleg grad at vedtaka som blir fatta inneheld informasjon om kva den spesialpedagogiske hjelpa skal gå ut på jf. § 19 e første ledd bokstav a.

Det rettslege kravet er ikkje oppfylt.

6) Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kor lenge hjelpen skal vare?

Våre observasjonar og vurderingar:

Kommunen svarar ja i RefLex og at enkeltvedtaka inneheld informasjon om tidsavgrensinga til den spesialpedagogiske hjelpa. Det kan til dømes gjelde for eit barnehageår, eller inneverande og komande barnehageår.

I vedtaka for barn nr. 3 i det første vedtaket står det at vedtaket gjelder fram til sommarferien. I det andre vedtaket som er datert i februar står det at barnet er innvilga spesialpedagogisk hjelp inneverande og neste barnehageår (2016/2017). I det tredje vedtaket til dette barnet står det også inneverande og neste barnehageår (2016/2017).

I vedtaket for barn nr. 5 står det at den spesialpedagogiske hjelpa gjeld for barnehageåret 2018/2019. I vedtaket til barn nr. 6 står det under varigheit at vedtaket gjeld for barnehageåret 2017/2018.

Lovkravet er at vedtaket skal vere tydeleg på kor lenge den spesialpedagogiske hjelpa skal vare, og dette går fram av alle vedtaka frå kommunen. Fylkesmannen vurderer med dette at kravet er oppfylt.

Fylkesmannens konklusjon:

Vedtaka som blir fatta inneheld informasjon om kor lenge hjelpa skal vare, jf. barnehagelova § 19 e andre ledd bokstav b.

Det rettslege kravet er oppfylt.

7) Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva for timeomfang hjelpen skal ha?

Våre observasjonar og vurderingar:

Kommunen svarar ja på dette i eigenvurderinga og at timeomfanget blir skildra i vedtaka, og spesifisert i form av tal på veketimar, og fordeling i løpet av kvar dag.

Vi ser i dokumentasjonen at i vedtaka for barn nr. 3 i det første vedtaket står det at barnet vil få assistent 3,5 timar kvar tysdag. I det andre vedtaket står det 25 timar med assistent i veka (5 timar kvar dag (60 min)). Og det står likelydande i det siste vedtaket.

I vedtaket for barn nr. 5 står det under rubrikken omfang 190 årstimar á 45 minutt. I vedtaket for barn nr. 6 står det at barnet treng ei tett oppfølging i kjernetida i barnehagen, 6 timar per dag med spesialpedagogisk hjelp.

Alle vedtaka seier kva for eit timeomfang hjelpa skal ha, det vil sei talet på timar hjelp per år eller per veke som barnet skal få.

Vi vurderer at lovkravet er oppfylt.

Fylkesmannens konklusjon:

Alle vedtaka gir informasjon om kva for eit timeomfang hjelpa skal ha, det vil sei talet på timar hjelp per år eller per veke som barnet skal få.

Det rettslege kravet er oppfylt.

8) Inneheld vedtaka om spesialpedagogisk hjelp informasjon om korleis hjelpa skal organiserast?

Våre observasjonar og vurderingar:

Kommunen skriv i eigenvurderinga i RefLex at vedtaka skildrar organiseringa, og viser til mellom anna kva for gruppestorleik hjelpa skal gå føre seg i, eller om det skal gå føre seg ein-til-ein, alt etter kva for oppfølging det dreier seg om.

I dei to siste vedtaka til barn nr.3 (Byglandsfjord barnehage) står det kva type oppfølging barnet skal ha og at ein assistent skal utføre hjelpa.

I vedtaket til barn nr. 5 (Bygland barnehage) står det at hjelpa kan vere fleksibelt organisert, i ei lita gruppe på inntil 3 barn med tilsvarande vanskar, på avdelinga eller ein til ein. Om det høver seg kan andre barn ta del i ressursen

I vedtaket til barn nr. 6 (Bygland barnehage) står det også at hjelpa kan vere fleksibelt organisert i lita gruppe (...) og at hjelpa gis av assistent med rettleiing av pedagog/ avd. leiar.

I 4 av 5 vedtak står det korleis den spesialpedagogiske hjelpa skal organiserast. Alle vedtaka er identiske med tilrådinga i den sakkunnige vurderinga. Men det er ikkje nokon vurdering av kvifor hjelpa skal organiserast slik.

I to av vedtaka brukast kan, bør og om det høver seg i vedtaka. Her må det gå tydelegare fram av vedtaka kva kommunen vedtek (beslutter) at barnehagen skal gjere.

Opplysningar om organiseringa går fram av alle vedtaka, som kopi frå den sakkunnige vurderinga. I mange høve er organiseringa angitt så fleksibelt at det kan vere vanskeleg å sjå korleis spesialundervisninga skal gjennomførast i praksis. Det ligg heller ikkje føre nokon vurdering av kva for situasjonar som skal gjere at ein vel den eine organiseringsforma framfør ein annan.

Samla sett finn vi at kommunen vedtak ikkje i tilstrekkeleg grad inneheld informasjon om korleis hjelpa skal organiserast.

Fylkesmannens konklusjon:

Kommunen fattar ikkje vedtak om spesialpedagogisk hjelp som inneheld informasjon om korleis hjelpa skal organiserast.

Det rettslege kravet er ikkje oppfylt.

9) Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva kompetanse dei som gjev hjelpa skal ha?

Våre observasjonar og vurderingar:

Kommunen svarar ja i Reflex; at kompetansen til dei som gir hjelpa er eit eige punkt i vedtaket. Det kan også stå kva for rettleiing den som gir hjelpa skal få.

Alle vedtaka har ein rubrikk om kompetanse hos dei som gir hjelpa: I vedtaket for barn nr. 3 står det «Fagarbeidar /assistent» Det er døme på at sakkunnig tilrår det same: «Fagarbeidar /assistent».

I vedtaket for barn nr.5 tilrår PPT: «Spes.pedagog, assistent/ fagarbeidar» i vedtaket står det «spesialpedagog/ pedagog». I den sakkunnige vurderinga for barn nr. 6 står : «Assistent med rettleiing av pedagog/ avd.leiar». I vedtaket står det same.

Barnehagelova har ikkje uttrykkelege krav til kompetansen til den som skal gi barnet den spesialpedagogiske hjelpa, men kompetansekrava er å forstå slik at i utgangspunktet må hjelpa gjevast av ein person med pedagogisk kompetanse. Vedtaket må avklare kva kompetanse som er naudsynt ut over det grunnleggjande kravet om pedagogisk

kompetanse, eller om kravet om kompetanse kan fråvikast, til dømes ved bruk av assistent. Slik anna kompetanse enn pedagogisk kompetanse må spesifiserast og grunnleggjast.

Slik formuleringa er i nokre av vedtaka, er det fastsett kompetanse. Men det er ikkje grunnleggje kva for kompetanse som skal til for å dekkje barnets behov utover pedagogisk kompetanse. Både barnehagelova § 19 d Sakkunnig vurdering og § 19 e , vedtak om spesialpedagogisk hjelp, har spesifikke krav om at kompetanse til dei som gir hjelpa skal spesifiserast. Fylkesmannen finn ikkje at dette er gjort i vedtaka som konkluderer med fagarbeidar/ assistent. Bruk av assistent kan berre skje dersom det frem står som forsvarleg. I følgje rettleiaren til udir er det eit krav som ligg i omgrepet assistent, at man må stå i relasjon til ein som har pedagogisk kompetanse. Dersom det er nødvendig med innsats frå ein assistent i tillegg til pedagogressurs for at barnet skal få ivaretatt retten sin, må dette grunnleggjast i enkeltvedtaket. Fylkesmannen konkluderer med at lovkravet i barnehagelova § 19 e pkt. e) ikkje er oppfylt.

Fylkesmannens konklusjon:

Vedtaka om spesialpedagogisk hjelp inneheld ikkje tilstrekkeleg informasjon om kva kompetanse dei som gjev hjelpa skal ha.

Kravet er ikkje oppfylt.

10) Inneheld vedtaka om spesialpedagogisk hjelp tilbod om foreldrerådgiving?

Våre observasjonar og vurderingar:

Dersom barnet har rett på spesialpedagogisk hjelp, skal hjelpen omfatte et tilbod om foreldrerådgiving. Dette tilbodet må framkomme av enkeltvedtaket om spesialpedagogisk hjelp.

Kommunen skriv i eigenvurderinga i RefLex at vedtaket har eit eige punkt knytt til foreldrerådgiving, der det mellom anna kan stå kva for instansar som skal følge opp og rådgje føresette.

I dei vedtaka Fylkesmannen har fått finn vi ikkje at alle har eit punkt knytt til foreldrerådgiving. Vi finn det ikkje i vedtaka for barn nr. 5 eller barn nr.6

Det blir gjeve tilbod om foreldrerådgjeving i vedtaka knytt til barn nr.3. Her står det: «Foreldra får oppfølging frå SSE, HABU og helse i kommunen».

Kravet i lova er at vedtaket skal ha med *tilbod* om foreldrerettleiing. Eit vagt oppgitt tilbod er vanskeleg å ta stilling til, og omfanget og forma på rettleiinga må derfor komme tydeleg fram av vedtaket. Fylkesmannen finn at vedtaka ikkje gir eit tydeleg tilbod om foreldrerettleiing i alle vedtaka.

Fylkesmannen konkluderer med at lovkravet i barnehagelova § 19 e pkt. f) ikkje er oppfylt

Fylkesmannens konklusjon:

Alle vedtaka om spesialpedagogisk hjelp gir ikkje tilbod om foreldrerådgiving.

Kravet er ikkje oppfylt.

11) Grunngjev kommunen vedtak som ikkje samsvarer med den sakkunnige vurderinga?

Våre observasjonar og vurderingar:

Kommunen svarer ja i RefLex og at i **hovudsak** svarer vedtaket til den sakkunnige vurderinga, slik at grunngivinga for vedtaket er nært knytt til tilrådinga. I saker der det er kome andre relevante og oppdaterte opplysningar i saka, som gjer at vedtaket avviker frå den sakkunnige vurderinga, vil det bli grunngitt tilsvarende i vedtaket.

Dersom kommunen fattar vedtak som avvik frå den sakkunnige vurderinga, må de grunngi dersom de ikkje følgjer tilrådingane, jf. barnehagelova § 19 e første ledd. Grunngivinga må vise kvifor vedtaket vil vere tilstrekkeleg til å oppfylle barnet sitt behov.

Fleirtalet av vedtaka viser til at dei er i samsvar med sakkunnig tilråding. Det er døme på eitt vedtak som ikkje er i tråd med det som blir tilrådd. I det fyrste vedtaket til barn nr.3 er det ikkje samsvar mellom den sakkunnige vurderinga og vedtaket. Her grunngjev tenesteleiar ved Byglandsfjord Oppvekstsenter kvifor vedtaket ikkje samsvarer med den sakkunnige vurderinga. « Det har vore ein periode med utprøving og opptrapping av medisinar (...) Den siste opptrappinga har vore vellukka.(....) Tenesteleiar har i samråd med PPT og føresette gjort eit avvik frå den opprinnelege vurderinga til PPT».

Fylkesmannen konkluderer med at lovkravet i barnehagelova om grunngjeving av enkeltvedtak som ikkje samsvarer med den sakkunnige vurderinga, er oppfylt.

Fylkesmannens konklusjon:

Kommunen grunngjev vedtak som ikkje samsvarer med den sakkunnige vurderinga.

Kravet er oppfylt.

2.2 Barnets beste

2.2.1 Rettsleg grunnlag

Kommunen må vurdere kva som er barnet sitt beste når de fattar vedtak, jf. barnekonvensjonen artikkel 3. Barnet sitt beste er eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar som gjeld barn, og det skal mykje til for å setje det til side. De må ta stilling til kva som er barnet sitt beste når de fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp, og vurderinga må gå fram av vedtaket. Barnet sitt syn på den spesialpedagogiske hjelpa er svært viktig når de vurderer kva som er til barnet sitt beste. De må gjere ei heilskapleg vurdering av barnet sin situasjon der barnet sitt behov for utvikling og læring må avvegast mot andre behov, for eksempel deltaking i fellesskapet og kvile.

Vurdering av barnets beste

Det skal vidare gå fram av vedtaket kva som er til beste for eleven og kva som ligg til grunn i vurderinga. Moment som kan vere aktuelle kan vere

- barnet sitt syn på spesialundervisninga
- eleven sin identitet, og karaktertrekk og eigenskapar
- familiemiljø og nære relasjonar
- vern, omsut og sikkerheit
- sårbarheit eller sårbare situasjonar
- eleven sin rett til liv og utvikling
- eleven sin fysiske og psykiske helse
- eleven sin rett til utdanning

Lista er ikkje uttømmande, men gir ei oversikt over moglege moment i vurderinga. Skolen må vurdere frå sak til sak kva moment som er aktuelle og kor stor vekt dei enkelte momenta skal ha i vurderinga om det er motstridande omsyn.

Barnet sitt eige syn skal bli lagt tilbørleg vekt på i samsvar med alder og mognad. At eleven blir høyrtd, er likevel ikkje det same som at eleven har rett til å bestemme, men skal være et av fleire moment i den faglege vurderinga av kva som vil vere til elevens beste, også i situasjonar der barnet og foreldra har ulike meiningar.

I eigenvurderingane svarar begge skolane på generelt grunnlag at eleven sitt beste ligg til grunn for ei heilskapleg organisering, omfang, metodar og innhald.

2.2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Kontrollspørsmål

12) Tar kommunen stilling til kva som er barnets beste når det fattast vedtak om spesialpedagogisk hjelp?

Våre observasjonar og vurderingar:

Kommunen svarer i Reflex at det er barnet sitt beste som ligg til grunn for vedtaket om spesialpedagogisk hjelp. Dei som får tilrådd hjelp, får det. Hjelpa kan også bli sett i gang når som helst i løpet av barnehageåret, og kan endre seg med barnet sine behov. Organiseringa tar også omsyn til dette.

Inga av vedtaka kommunen har sendt til tilsynet har nemnd eller brukt som grunngeving at den spesialpedagogiske hjelpa er vurdert til å vere til det beste for barnet.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen har gjort ei heilskapleg vurdering av barnet sin situasjon der barnets behov for utvikling og læring er avvege mot eventuelle andre behov som til dømes deltaking i fellesskapet og behov for kvile. Fylkesmannen vil peike på at det rettslege kravet er at det må gå fram av vedtaket kva som er barnets beste. Det må vurderast enten under alle punkta i bhl § 19 e), eller det må gjerast ei samla, oppsummerande vurdering som grunngir kvifor ein meiner at vedtaket er til det beste for barnet, med utgangspunkt i dei faktisk tilhøva og i sakkunnig vurdering. Vedtaket må ta stilling til kvifor den tildelte hjelpa er til det beste for barnet, det må synleggjerast kva grunnlaget for dette er. Fylkesmannen finn at dette ikkje er gjort i dei vedtaka kommunen har fatta.

Fylkesmannen har ikkje vurdert dei sakkunnige vurderingane, men minner om at også dei skal innehalde ei vurdering av kva som er barnets beste.

Fylkesmannens konklusjon:

Lovkravet om at vedtaka må ta stilling til kva som er til det beste for barnet, er ikkje er oppfylt.

Kravet er ikkje oppfylt.

2.3 Informasjon om klagerett og innsyn

2.3.1 Rettsleg grunnlag

Vedtaka må informere om klagemoglegheit, klagefrist, klageinstans, og om at klagen skal sendast til kommunen, samt om retten til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.

2.3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Kontrollspørsmål

- 13) **Inneheld vedtaket informasjon om høve til klage, klagefrist, klageinstans og informasjon om at klagen skal sendes til kommunen og inneheld vedtaket informasjon om retten til å sjå sakas dokumenter?**

Våre observasjonar og vurderingar:

Kommunen svar ja på dette i RefLex og viser til dei oversendte vedtaka.

Alle vedtaka har med informasjon om klagerett. Denne er utforma generelt og er ikkje tilpassa enkeltvedtak i barnehagen. Det blir difor ikkje opplyst at det i desse sakene er Fylkesmannen som er klageinstans, og ikkje kommunen, slik som i andre kommunale enkeltvedtak. Det blir heller ikkje opplyst om retten til å sjå alle dokumenta i saka.

Informasjonen opplyser om klagefrist og at klagen skal sendast til den som har fatta vedtaket.

Etter vår vurdering inneheld vedtaka ikkje informasjon om at Fylkesmannen er klageinstans i klager på vedtak etter opplæringslova. Det blir heller ikkje opplyst om retten til å sjå alle dokumenta i saka.

Fylkesmannens konklusjon:

Vedtaket oppfyller ikkje krava i forvaltningslova til vedtak.

Kravet er ikkje oppfylt

3 Pålegg om retting

Vi har funne at de ikkje etterlever regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. barnehagelova § 9 første ledd, jf. kommunelova § 30-4:

Kommunen må sørge for å fatte vedtak om spesialpedagogisk hjelp som oppfyller krava i barnehagelova kap. 5 A og saksbehandlingsreglene i forvaltningslova, jf. barnehagelova § 19 a og [forvaltningslova §§ 2, 11 a, 17, 23, 24, 25 og 27].

3.1.1 Kommunen må i den forbindelse sjå til at:

Undertema 1: Krav til innhald vedtak

Korreksjonspunkt:

3. Foreldra får mogelegheit til å uttale seg om innhaldet i sakkyndig vurderinga før det blir fatta vedtak om spesialpedagogisk hjelp
4. Det blir henta inn samtykke frå foreldra før kommunen fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp
6. Det fattast vedtak i alle saker der PPT har gjennomført ei sakkunnig vurdering
7. Vedtaka inneheld informasjon om kva den spesialpedagogiske hjelpa skal gå ut på jf. § 19 e første ledd bokstav a
11. Vedtaka om spesialpedagogisk hjelp inneheld informasjon om korleis hjelpa skal organiserast.
12. Vedtak inneheld tilstrekkeleg informasjon om kva kompetanse dei som gjev hjelpa skal ha
13. Vedtaka om spesialpedagogisk hjelp gir tilbod om foreldrerådgiving.

Undertema 2: Barnets beste

Korreksjonspunkt:

12. Vedtaket må ta stilling til og synleggjere kva for spesialpedagogisk hjelp som er til det beste for barnet.

Undertema 3: Informasjon om klagerett og innsyn

Korreksjonspunkt:

13. Vedtaka inneheld informasjon om at Fylkesmannen er klageinstans
- Vedtaka må innehalde informasjon om retten til å sjå sakas dokumentar

3.1.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 15. juni 2021. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

3.1.3 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18

Arendal 08.01.2021

VEDLEGG: Dokumentasjonsgrunnlaget

- Oversyn over tal på tilvising til PPT, sakkunnige vurderingar og enkeltvedtak i kommunen dei siste fem åra
- Seks elevsakar frå dei to oppvekstsentra i kommunen med tilhøyrande relevante dokument
- Rutinar for spesialpedagogisk hjelp for barnehaganes i kommunen, og årshjul for kvar av barnehagane
- Eigenvurdering frå Bygland kommune i RefLex

TILSYNSRAPPORT - VEDTAK

Vedtak om spesialundervisning

Bygland kommune - Bygland skole og Byglandsfjord skole

TIL: Bygland kommune v/kommunedirektøren

VÅR REFERANSE: 2020/2145

KONTAKTPERSON I KOMMUNEN:
Ann Cecilie Andersen Attestog

FYLKESMANNENS TILSYNSGRUPPE:
Maiken Messel
Eva Astrid Andås Danielsen
Ingunn Lund
Elisabeth Attramadal, tilsynsleder

Samandrag

Vi fører tilsyn med Bygland kommune. Temaet for tilsynet er *fatte vedtak om spesialundervisning*. Formålet er å kontrollere at kommunen følger krava i regelverket når det gjeld å fatte vedtak om spesialundervisning, jf. opplæringslova kapittel 5 og forvaltningslova.

Vi har funne grunnlag for å gje pålegg i tilsynet. Pålegget er knytt til plikten til å innhente samtykke før det blir fatta vedtak, innhaldet i vedtaket, vurdering av barnets beste og manglande opplysningar om klage.

Pålegga og Fylkesmannens grunngjeving for pålegga går nærmare fram av denne rapporten.

Kommunen fekk ein førebels tilsynsrapport og har uttalt seg innan fristen. I e-post 18.12.2020 går det fram at kommunen er einige i våre vurderingar og konklusjonar i førebels rapport.

Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til **15. juni 2021**.

Innhald

1	Innleiing	4
1.1	Kort om kommunen	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet	4
2	Rettslege krav	5
3	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	6
3.1	Krav til samtykke og opplysning av saka.....	6
3.2	Plikta til å fatte vedtak om å innvilge eller avslå spesialundervisning	9
3.3	Inneheld vedtaka opplysningar om spesialundervisninga.....	10
3.4	Vedtaket skal innehalde ei vurdering av kva som er barnet sitt beste.....	12
3.5	Vedtaket skal informere om klagereglar og innsynsrett	14
4	Våre reaksjonar	15
4.1	Pålegg om retting	15
4.2	Oppfølging av pålegga	15
5	De har rett til å klage	15
	VEDLEGG: Dokumentasjonsgrunnlaget	17

1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skolar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skolane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentliglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Kort om kommunen

Bygland ligg i region Setesdal i Agder med eit folketal på rundt 1145 (SSB 2020). Det finst to kommunale oppvekstsenter i kommunen, Bygland og Byglandsfjord.

Bygland oppvekstsenter består av barnehage, skole (1. - 10. klasse) og skolefritidsordning (SFO). Skolen har 91 elevar og 15 lærarar (skoleporten 2019-2020)

Byglandsfjord oppvekstsenter består av barnehage, skole (1. - 7. klasse) og skolefritidsordning (SFO). Skolen har 44 elevar og 7 lærarar (skoleporten 2019-2020)

I 2019 vart det fatta 12 enkeltvedtak om spesialundervisning totalt i kommunen. Vi har bedt om og motteke 10 sakar der det er innvilga spesialundervisning og 1 sak der det er gitt avslag. Vedtaka vi har motteke er fordelt på 6 elevar ved Bygland skole og 5 ved Byglandsfjord skole.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Bygland kommune i brev frå 03.03.2020. I e-post 18.03.20 informerte vi om at tilsynet skulle utsetjast grunna situasjonen med korona. Vi tok opp att tilsynet i e-post av 07.09.2020. De vart pålagd å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet har vore: Fatte vedtak om spesialundervisning.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Formålet med tilsynet er å kontrollere at kommunen følgjer krava i regelverket når det gjeld å fatte vedtak om spesialundervisning, jf. opplæringslova kapittel 5..

Dersom Bygland kommune v/ Bygland skole og Byglandsfjord skole ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skolen rettar opp brot på regelverket.

Vi sende førebels tilsynsrapport til dykk 11.12.2020. I han presenterte vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar. De har kommentert innhaldet i den førebelse rapporten

innan fristen 06.01.2021. Det går fram av tilbakemeldinga at kommunen seier seg einige i Statsforvaltarens vurderingar og konklusjonar i førebels rapport.

2 Rettslege krav

Tilsynet har vore med utgangspunkt i følgjande rettslege krav:

Krav til samtykke og opplysning av saka

Elevar over 15 år og foreldre til elevar under 18 år, skal samtykke til at det blir fatta vedtak om spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-4 andre ledd.

Dersom utgreiinga eller tilrådinga i den sakkunnige vurderinga er mangelfull, eller det manglar andre opplysningar i saka, skal skolen be Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) eller andre om supplerande opplysningar, jf. forvaltningslova § 17.

Plikta til å fatte vedtak om å innvilge eller avslå spesialundervisning

Dersom PPT har gjort ei sakkunnig vurdering, og eleven eller foreldra har samtykka til spesialundervisning, skal skolen fatte eit skriftleg enkeltvedtak, jf. opplæringslova § 5-1 første ledd, jf. forvaltningslova §§ 2 og 23. Kravet om å fatte vedtak gjeld uavhengig av kva som er konklusjonen i den sakkunnige vurderinga.

Skolen skal fatte vedtaket så snart som mogleg etter at det ligg føre ei sakkunnig vurdering. Dersom kommunen innvilgar spesialundervisning, skal oppstartstidspunktet bli sett ut frå eleven sitt behov, jf. opplæringslova § 5-1 første ledd, jf. forvaltningslova § 11a.

Vedtaket skal innehalde opplysningar om spesialundervisninga

Det må gå klart og fullstendig fram av vedtaket kva slags opplæringstilbod eleven skal ha, og kor lenge tilbodet skal vare, jf. opplæringslova §§ 5-1 første ledd og 5-3 andre ledd, jf. forvaltningslova §§ 2, 23 og 25. Vedtaket kan ikkje ha ei lengre varigheit enn det som går fram av den sakkunnige vurderinga som vedtaket byggjer på.

Vedtaket skal opplyse om

- kor mange timar spesialundervisning elevane skal ha i faga, og samla timetal
- kva for fag og område spesialundervisninga skal dekkje
- det skal vere avvik frå læreplanane, og kva for fag avvika gjeld for
- kva for konkrete kompetansemål elevane skal nå
- korleis skolen skal organisere spesialundervisninga
- personar med særskild kompetanse skal gjennomføre spesialundervisninga

Dersom tilrådinga i den sakkunnige vurderinga skal gjelde, og det går klart fram kva PPT tilrår, kan vedtaket vise til opplysningane i den sakkunnige vurderinga.

Vedtaket som ikkje samsvarer med den sakkunnige vurderinga, skal innehalde ei grunngeving som viser korleis eleven likevel kan få eit forsvarleg utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova § 5-3 fjerde ledd.

Vedtaket skal innehalde ei vurdering av kva som er det beste for barnet

Elevar og foreldre skal få høve til å uttale seg om innhaldet i den sakkunnige vurderinga før skolen fattar vedtak, jf. opplæringslova § 5-4 andre og tredje ledd og barnekonvensjonen artikkel 12.

Skolen skal vurdere kva som er det beste for eleven når dei fattar vedtak om spesialundervisning, og vurderinga skal gå fram av vedtaket, jf. opplæringslova § 5-4 andre og tredje ledd og barnekonvensjonen artikkel 3. *Barnets beste* er ein rett, eit generelt prinsipp og ein sakshandsamingsregel. Alle offentlege organ må ta hand om dette i saker om barn. Dei må avvege det som er til beste for barnet mot eventuelle motstridande omsyn. *Barnets beste* er eit tungtvegande omsyn, og det skal mykje til for å setje det til side. De må vurdere frå sak til sak kva for moment som er aktuelle i vurderinga, og kor stor vekt dei enkelte momenta skal ha i vurderinga. Barnet sitt syn skal bli tillagt tilbørleg vekt i samsvar med alder og mognad.

Vedtaket skal informere om klagerett og innsynsrett

Vedtaket skal gi informasjon om klagerett, klagefrist, klageinstans, kor klagen skal sendast og om retten til å sjå saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.

3 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

3.1 Krav til samtykke og opplysning av saka

Fylkesmannen har undersøkt

- om skolane i Bygland rutinemessig hentar inn samtykke frå elevar over 15 år og foreldra til elevar under 18 år til at det kan fattast vedtak om spesialundervisning.
- om skolane ber om supplerande opplysningar dersom utgreiinga eller tilrådinga i den sakkunnige vurderinga er mangelfull eller det manglar andre opplysningar i saka (sjå rettslege krav over).

Våre observasjonar har vore knytt til innsende eigenvurderingar, rutineskriv og dømme på sakshandsaming og vedtak som vi har mottatt i tilsynet.

Samtykke til å fatte enkeltvedtak

Bygland skole si eigenvurdering peiker på at skolen legg opp til tett samarbeide mellom heim og skole, både før og etter ei tilvising. Det blir vist til tett dialog med elevane i tillegg til møte. Samtykke frå føresett / elev til å fatte vedtak om spesialundervisning blir gjerne innhenta i samarbeidsmøte og kjem fram av enten møtereferat, sakkunnig vurdering eller vedtak om tildeling av spesialpedagogisk ressurs.

Byglandsfjord skole viser i si eigenvurdering til at *Skulen legg opp til eit tett samarbeid med heimen, med grundig møteverksemd før og etter ei tilvising. I desse møta uttrykker gjerne føresette at dei ønsker eller er samde i at eleven skal få vedtak om spesialundervisning. Dette blir dokumentert gjennom møtereferat, sakkunnige*

vurderingar og/eller i vedtaket. Dette kjem fram i sakene som er oversendt. Skolen har ikkje elevar over 15 år.

I Bygland oppvekstsenter sine rutinar som skal sikre opplæringstilbodet for elevar med spesielle behov går det fram at i tilbakemeldingsmøte med PPT vert føresette informert om vidare saksgang og samtykker til dette dersom prosessen skal gå vidare.

I Byglandsfjord oppvekstsenter sine rutinar går det berre fram at PPT skriv ei sakkunnig vurdering som anten gjev TPO eller rett til spesialundervisning [og] møte med føresette om resultatata.

I ei av sakene (Bygland) går det fram av eit referat frå tilbakemeldingsmøte med PPT at foreldra samtykker i at PPT skriv ei sakkunnig tilråding som dannar grunnlag for eit enkeltvedtak. Det går fram av referatet at mor har vore til stades, men ingen informasjon om det er fleire med foreldreansvar involvert i saka.

Begge skoler syner i eigenvurderingane til at samtykke til dømes kan dokumenterast gjennom informasjon knytt til dei sakkunnige vurderingane. Av dei sakkunnige vurderingane går det fram informasjon om at «Tenesteleiar/rektor skal no fatte eit enkeltvedtak ut i frå den sakkunnige vurderinga. Føresette har klagerett på vedtak etter forvaltningslova». Dersom det vert fatta vedtak om spesialundervisning, utarbeider un ein individuell opplæringsplan (IOP).

Fylkesmannens vurdering

I vår vurdering har Fylkesmannen lagt til grunn at kravet om samtykke omfattar følgjande forhold:

- Foreldre og elevar over 15 år må samtykke til at det blir fatta enkeltvedtak om spesialundervisning.
- Samtykket må vere informert, det vil seie at dei som samtykker må vere informerte om kva dei samtykker til.
- Samtykket til å fatte enkeltvedtak om spesialundervisning gjeld alle med foreldreansvar. Det vil difor ikkje vere tilstrekkeleg at berre den eine foreldra samtykker dersom begge har foreldreansvar.

Vi kan ikkje sjå at det er lagt fram dokumentasjon frå Bygland skole som stadfestar at elevar over 15 år har gitt samtykke, verken i møtereferat eller i vedtak. Byglandsfjord skole er 1-7 skole der problemstillinga ikkje er aktuell.

Det er noko dokumentasjon som tydar på at det er bede om samtykke i samband med møter, men det er i det store og heile ikkje klart om slike samtykke gjeld PPT si utgreiing eller om det er gitt særskild til rektor i samband med at rektor skal fatte vedtaket. Det går fram av eksempel på referat at «foreldra samtykker i at PPT skriv ei sakkunnig vurdering som dannar grunnlag for eit enkeltvedtak», eller at «foreldra er samd i at det vert utarbeidd sakkunnig utgreiing og enkeltvedtak for eleven». Vi viser og til at formuleringa «skriv ei sakkunnig vurdering som dannar grunnlag for eit enkeltvedtak», også kan tolkast som at det berre er den sakkunnige vurderinga som det er gjeve samtykke til, og at det difor ikkje er sikra at samtykket gjeld begge forholda.

Begge skolane har vist til at samtykket kan dokumenterast mellom anna frå *dei sakkunnige vurderingane*. Vi vurderer at den informasjonen som går fram av den sakkunnige vurderinga ikkje kan seiast å være tilstrekkeleg informasjon om samtykke til vedtak. Slik informasjonen er formulert vil den berre kunne forståast som informasjon om at rektor skal fatte vedtak – og gjev ikkje informasjon om at foreldre og elev kan nekte å samtykke til vedtak.

I ei regelverkstolking frå Utdanningsdirektoratet 18.08.17 syner direktoratet til ein uttale frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet 16.06.2015 der det kjem fram at:

«Et vedtak om å sette i gang spesialundervisning vil være et personlig forhold for barnet som kan innebære endringer i både undervisningsmetode og innholdet i opplæringen for den enkelte elev. Spesialundervisning kan være inngripende og departementet legger i likhet med Kunnskapsdepartementet til grunn at det kreves samtykke fra begge foreldre til vedtak om å sette i gang spesialundervisning selv om barnet bor fast bare hos den ene».

Utdanningsdirektoratets konklusjon etter dette er at:

Bostedsforelder kan samtykke til at det settes i gang sakkyndig utredning etter opplæringsloven § 5-3. Begge foreldre må imidlertid samtykke til vedtak om å sette i gang spesialundervisning uavhengig av om barnet bor hos begge foreldre eller om barnet bare bor fast hos den ene.

I tilsynet har Fylkesmannen lagt til grunn denne forståinga i si vurdering, dvs. krav om at begge foreldra (om dei har foreldreansvar) må samtykke før rektor kan fatte vedtak om spesialundervisning.

Vi kan ikkje sjå at det er dokumentert rutinar som sikrar at begge foreldra vert bedne om samtykke av rektor i samband med enkeltvedtaket. Det går heller ikkje fram av dokumentasjonen at dette blir gjort i praksis, når det til dømes i møtereferat kan gå fram at *foreldra* er samd i at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering og enkeltvedtak for eleven, medan det er berre «mor» som står oppført som møtt.

Sørge for at saka er tilstrekkeleg opplyst

Av begge eigenvurderingane går det fram at vedtaka blir fatta med bakgrunn i sakkunnig vurdering, og at om denne skulle vere mangelfull ber skolen PPT eller andre instansar om supplerande opplysningar. Opplysningane blir vurderte saman med spesialpedagogisk koordinator. Det vert og tatt omsyn til kva som kjem fram i møter og samtalar med føresette, elev og lærarar samt eventuelle årsrapportar, utviklingssamtalar og kartleggingar.

Det går fram av dokumenta at PPT deltar i samarbeidsmøte der igangsette tiltak blir evaluerte og nye opplysningar blir gjevne for neste skoleår.

Det er ikkje lagt fram dokumentasjon som viser døme der det har vore naudsynt å henta inn nye opplysningar i samband med å fatte vedtak og det går heller ikkje fram av vedtaka ei vurdering/grunngeving av om opplysningane som er lagde til grunn i vedtaket, er vurdert som tilstrekkelege.

Vi legg likevel til grunn at det gjennom dokumenterte samarbeidsmøte, ressursteam og andre samtalar med dei involverte i realiteten blir sikra at saka vert opplyst tilstrekkeleg før vedtaka blir fatta.

Konklusjon:

- Vi finn det sannsynleggjort at skolane sørger for å opplyse saka tilstrekkeleg før det blir fatta vedtak om spesialundervisning.
- Vi finn det ikkje dokumentert at skolane rutinemessig innhentar samtykke frå foreldra med foreldreansvar, eller frå elevar over 15 år, til at rektor kan fatte vedtak etter utredninga frå PPT.

3.2 Plikta til å fatte vedtak om å innvilge eller avslå spesialundervisning

Fylkesmannen har undersøkt

- om Bygland kommune fattar skriftleg enkeltvedtak etter opplæringslova § 5-1 første ledd i alle sakar der PPT har gjort ei sakkunnig vurdering og eleven eller foreldra har samtykka til spesialundervisning, uavhengig om spesialundervisning blir tilrådd eller avslått.
- om Bygland kommune fattar vedtak så snart som mogleg etter at sakkyndig vurdering ligg føre, og om oppstartstidspunktet er sett ut frå eleven sitt behov (sjå dei rettslege krava over).

Informasjon frå kommunen tydar på at det er fatta vedtak i alle tilfelle der det ligg føre sakkunnig vurdering frå PPT.

Begge skolane stadfestar i eigenvurderingane at dei fattar vedtak der PPT har skrive sakkunnig vurdering, anten ved å tilby spesialundervisning eller avslå. Enkeltvedtaka gjeld vanlegvis for eit skoleår, men det vert presisert at om det kjem inn opplysningar i saka eller at behovet endrar seg i løpet av året, fattar ein nytt enkeltvedtak innanfor det gjeldande skoleåret.

Det er og lagt ved eitt døme på avslag på spesialundervisning etter vurderinga til PPT, noko som tydar på at skolane oppfyller kravet til å fatte vedtak også når PPT ikkje anbefaler spesialundervisning.

Det går fram av dei framlagte sakene frå Byglandsfjord skole at dei sakkunnige vurderingane ligg føre i mai/juni og at dei fleste vedtaka er fatta gjennomsnittleg 3 veker seinare. Alle vedtaka gjeld spesialundervisning for det kommande skoleåret. Det er gjeve eksempel på eit vedtak med avslag på spesialundervisning. Dette vedtaket er fatta tre dagar etter datoen for sakkunnig vurdering.

Når det gjeld Bygland skole har vedtaksdato vore omlag 2 månader etter dato for sakkunnig vurdering. Alle døma på vedtak gjeld og i desse tilfella påfølgjande skoleår.

I eitt tilfelle ved Bygland skole er det fatta vedtak i juni etter sakkunnig vurdering frå januar. I eit anna tilfelle ved same skole er vedtaket fatta i juni etter sakkunnig vurdering frå april. I begge tilfella gjeld vedtaka for heile inneverande skoleår samt det påfølgjande skoleåret. Desse vedtaka er fatta av tidlegare rektor og vi vel difor å ikkje legge desse til grunn i vår konklusjon. Vi minner likevel om at eit vedtak ikkje kan ha tilbakeverkande kraft. Dette har samband med retten til å klage på vedtaket.

Konklusjon:

- Det rettslege kravet om sakshandsaming og sakshandsamingstid er oppfylt

3.3 Inneheld vedtaka opplysningar om spesialundervisninga

Eit vedtak om spesialundervisning må vere så tydeleg og fullstendig at det ikkje er tvil om kva tilbod eleven skal få.

Fylkesmannen har undersøkt om vedtaka inneheld opplysningar om

- tidsrommet for vedtaket
- kor mange timar spesialundervisning elevane skal ha i faga og samla timetal
- Innhaldet i spesialundervisninga (kva fag og område, om det skal vere avvik frå læreplanane og i tilfelle kva for fag og kva for konkrete kompetansemål elevane skal nå)
- korleis skolen skal organisere spesialundervisninga
- om det er knytt særskild kompetanse til dei som skal gjennomføre spesialundervisninga
- om vedtak som ikkje samsvarer med den sakkunnige vurderinga etter opplæringslova § 5-3 fjerde ledd, inneheld ei grunngeving som viser korleis eleven likevel kan få eit forsvarleg utbytte av opplæringa (sjå dei rettslege krava over)

Begge skolane syner i eigenvurderingane til at tidsomfanget på enkeltvedtak er avgrensa, som regel for eit skoleår, og viser vidare til den innsende dokumentasjonen. Når det gjeld vidare informasjon om innhaldet i vedtaka syner skolane til dei framlagde enkeltvedtaka. På spørsmål om enkeltvedtaket inneheld opplysningar om kva konkrete kompetansemål elevane skal nå, svarar begge skolane at enkeltvedtaka viser til sakkunnig vurdering frå PPT, der det kjem fram kva kompetansemål eleven skal nå.

Begge skolane viser og til at det i malen for enkeltvedtak kjem fram eit punkt om utgreiing av konsekvensar av enkeltvedtaket og grunngeving for enkeltvedtaket, men at det ikkje har vore nokre tilfelle der vedtaka har avvike frå den sakkunnige vurderinga.

Alle døma på vedtak frå Bygland skole syner berre til den sakkunnige vurderinga, og PPT si anbefaling er kopiert inn i vedtaket.

I Byglandsfjord skole sine vedtak er anbefalinga frå PPT vidareført og fastsett tilsvarande i vedtaket.

Fylkesmannens vurderingar - opplysningar om tidsrommet for vedtaket

Alle de framlagde vedtaka syner kva skoleår vedtaket skal gjelde for.

I to av sakene frå Bygland syner vedtaket si varigheit og til det føregåande skoleåret – der vedtaket er fatta våren 2019, gjeldande for både skoleåret 2018-19 og skoleåret 2019-20. Vedtaka er fatta av tidlegare rektor ved skolen. Vi vel difor å ikkje leggja vekt på desse to døma, men Fylkesmannen peikar i denne samanhengen på at vedtak ikkje kan ha tilbakeverkande kraft, men må gjelde fram i tid. Dette har samanheng med at innhaldet i vedtaket skal kunne klagast på før det blir satt i verk.

Vi vurderer såleis at det er sannsynleggjort at det blir opplyst om varigheit i vedtaka.

Fylkesmannens vurderingar - opplysningar om kor mange timar spesialundervisning elevane skal ha i faga og samla timetal

Det samla talet på timar til spesialundervisning går fram av alle vedtaka. I nokre tilfelle er timane fordelt på fag, medan dei i andre tilfelle berre skal fordelast fleksibelt på fleire fag, til dømes *266 årstimar fleksibelt fordelt på norsk, matematikk, engelsk, orienteringsfag*. PPT har i denne saka ikkje tatt stilling til fordelinga mellom faga, men det må skolen gjere i vedtaket. Om det ikkje blir gjort, vil ikkje vedtaket vere tydeleg nok til at foreldra og eleven kan forstå kva opplæringstilbod eleven skal få. Om det er naudsynt at tilbodet skal vere fleksibelt, må det gå fram ei forklaring på kva som skal utløyse det valet ein gjer i den praktiske gjennomføringa og kvifor.

Vi kan difor ikkje sjå at det er sannsynleggjort ei rutine for å sikre at det i vedtaka vert opplyst om fordeling av timane på faga.

Fylkesmannens vurderingar – innhaldet i spesialundervisninga (fag og område, avvik frå læreplan og kva for konkrete kompetansemål elevane skal nå.

Alle vedtaka viser i hovudsak kva fag spesialundervisninga skal gjelde.

Informasjon om eventuelle avvik frå læreplanmål går fram av vedtaka slik PPT har anbefalt i den sakkunnige vurderinga. Avvika er i hovudsak synleggjort som behov for opplæringsmål henta frå andre hovedtrinn. Vi finn fleire døme på at opplæringsmåla ikkje er sett i samanheng med kompetansemål i læreplanen, eller til den overordna delen når eleven ikkje kan følgje nokon av fagmåla. Frå Bygland finn vi døme på at anbefalinga frå PPT «*i praktiske fag og gym/bading må ein tilpasse aktivitet og vanskegrad*», utan at det er gjort ein vurdering av kva læreplanmål i faget eleven kan følgje eller ikkje. Eit døme frå Byglandsfjord er eit vedtak der avvik frå læreplanmål ikkje er omtalt i det heile, sjølv om det går fram av den sakkunnige vurderinga at eleven «*har i liten grad utbytte av det ordinære opplæringstilbodet og vil ha behov for eige opplegg i norsk, matematikk engelsk og lesefaga.*»

Vår vurdering er difor at skolane manglar rutinar for å sikre at avvik frå læreplanmål og kva opplæringsmål eleven skal ha vert tydeleggjort i vedtaka.

Fylkesmannens vurderingar - opplysningar om korleis skolen skal organisere spesialundervisninga

Opplysningar om organiseringa går fram av alle vedtaka, som kopi frå den sakkunnige vurderinga. I mange høve er organiseringa angitt så fleksibelt at det kan vere vanskeleg å sjå korleis spesialundervisninga skal gjennomførast i praksis. Det ligg heller ikkje føre nokon vurdering av kva for situasjonar som skal gjere at ein vel den eine

organiseringsforma framfør ein annan. I nokre tilfelle har PPT lagt til grunn at skolen og eleven/foreldra skal samarbeide om dette. Det går likevel ikkje fram av enkeltvedtaket at slikt samarbeid er gjennomført.

Vedtaka er difor etter vår vurdering ikkje tilstrekkeleg tydeleggjort i vedtaka korleis spesialundervisninga skal organiserast.

Fylkesmannens vurderingar - opplysningar om det er knytt særskild kompetanse til dei som skal gjennomføre spesialundervisninga.

Vedtaka inneheld opplysningar om det skal vere assistent eller pedagog slik det går fram av den sakkunnige vurderinga.

Det er ikkje sendt inn døme på vedtak der det går fram at dei ordinære kompetansekrava har vore fråvike, utanom i eitt tilfelle der det går fram at eleven skal få opplæring av logoped. Vi legg til grunn at når det ikkje er presisert anna kompetanse i vedtaka, blir spesialundervisninga i hovudsak gjennomført av lærarar med formell undervisningskompetanse i faga.

Fylkesmannens vurderingar – grunngjeving ved avvik frå sakkunnig vurdering:

Alle dei framlagte sakene, med unntak av ei sak frå Byglandsfjord, er i tråd med den sakkunnige vurderinga. Det eine avviket er grunngjeve i vedtaket.

Konklusjon

Dei rettslege krava er oppfylte når det gjeld

- Opplysningar om varigheita på vedtaket
- Opplysningar i vedtaket om kompetanse
- Grunngjeving ved avvik frå sakkunnig vurdering

Dei rettslege krava er ikkje oppfylte når det gjeld

- Opplysningar om fordeling av timane på faga
- Opplysningar om avvik frå læreplanmål og kva opplæringsmål eleven skal ha
- Opplysningar om korleis spesialundervisninga skal organiserast.

3.4 Vedtaket skal innehalde ei vurdering av kva som er barnet sitt beste

Fylkesmannen har undersøkt

- om skolane i Bygland kommune gir elevar og foreldre moglegheit til å uttale seg om innhaldet i den sakkunnige vurderinga til rektor før det vert fatta vedtak, slik det går fram av opplæringslova § 5-4 andre og tredje ledd og barnekonvensjonen artikkel 12
- om skolane har vurdert kva som er til eleven sitt beste når dei fattar vedtak om spesialundervisning og synleggjort si vurdering i vedtaket (sjå dei rettslege krava over)

Skolane viser i eigenvurderinga til at det hovudsakleg blir halde møter med føresette der dei kan uttale seg på vegne av eleven. Bygland viser og til at eleven i nokre tilfelle deltar på møtet. Elles blir det vist til elevsamtalane og at opplæringa og organiseringa også vert drøfta her. Bygløandsfjord skole presiserer at omsyn dei særleg drøfter med eleven knyter seg til dømes til om tilbodet skal gå føre seg i klassen eller i grupper utanfor klassen.

Det blir og vist til vedlagd informasjon om saksgang som følgjer av den sakkunnige vurderinga og at det her går fram høve til å henta inn ei alternativ vurdering frå ei sakkunnig i tillegg til den som vart utarbeidd av PPT og at denne informasjonen kjem i tillegg til dialog med føresette/elevlar på tilbakemeldingsmøte/ressursmøte.

Fylkesmannens vurdering - Høve til å uttale seg før vedtak

Det går fram av rutinane frå Bygland skole at det skal gjennomførast *tilbakemeldingsmøte* og at rektor «eventuelt» deltar på møtet. Det går ikkje fram om dette er eit informasjonsmøte eller eit drøftingsmøte. Vidare vurderer vi at møtet med føresette om «*resultata frå den sakkunnige vurderinga*» ikkje nødvendigvis vil vere det same som å gi høve til å uttale seg om kva vedtaket etter dette skal innehalde.

Det er ikkje dokumentert at det er rutine for at den som skal skrive enkeltvedtaket deltar på tilbakemeldingsmøter. Vi meiner då at retten til å kunne få uttale seg om innhaldet i den sakkunnige vurderinga til den som skal skrive vedtaket, difor ikkje er sikra.

Informasjon til føresette om *saksgang* som skolane viser til, handlar om informasjon om sakshandsaming hos PPT. Den vidare sakshandsaminga på skolen er ikkje omfatta av denne rutinen.

Vi ser i døme på vedtak at det blir vist til «*ynskjer frå eleven sjølv og føresette til eleven i møte med føresette*», men at dette er kopiert frå den sakkunnige vurderinga. Vi må difor legge til grunn at skolen ikkje sjølv har innhenta desse ynskja. Vi kan heller ikkje sjå at det er referert til om eleven sjølv har fått uttale seg og kva eleven i så fall har meint om opplæringa si.

Vi kan difor ikkje sjå at skolane har rutine for å gje føresette og elev høve til å uttale seg om innhaldet i sakkunnig vurdering og sette fram ønskje for opplæringstilbodet direkte til den som skal fatte enkeltvedtaket.

Vurdering av barnets beste

Det skal vidare gå fram av vedtaket kva som er til beste for eleven og kva som ligg til grunn i vurderinga. Moment som kan vere aktuelle kan vere

- eleven sitt syn på spesialundervisninga
- eleven sin identitet, og karaktertrekk og eigenskapar
- familiemiljø og nære relasjonar
- vern, omsut og sikkerheit
- sårbarheit eller sårbare situasjonar
- eleven sin rett til liv og utvikling
- eleven sin fysiske og psykiske helse
- eleven sin rett til utdanning

Lista er ikkje uttømmende, men gir ei oversikt over moglege moment i vurderinga. Skolen må vurdere frå sak til sak kva moment som er aktuelle og kor stor vekt dei enkelte momenta skal ha i vurderinga om det er motstridande omsyn.

Barnet sitt eige syn skal bli lagt tilbørleg vekt på i samsvar med alder og mognad. At eleven blir høyrte, er likevel ikkje det same som at eleven har rett til å bestemme, men skal være et av fleire moment i den faglege vurderinga av kva som vil vere til elevens beste, også i situasjonar der barnet og foreldra har ulike meiningar.

I eigenvurderingane svarar begge skolane på generelt grunnlag at eleven sitt beste ligg til grunn for ei heilskapleg organisering, omfang, metodar og innhald.

Fylkesmannens vurdering – vurdering av barnets beste

I dokumentasjonen som er framlagd kan vi ikkje sjå at det går fram av vedtaka kva omsyn som er teke i vurderinga av barnets beste. Det går heller ikkje fram av rutinane at det skal gjerast slike vurderingar i samband med vedtaket. Vi vurderer difor vedtaka som mangelfulle på dette punktet.

Konklusjon:

Det rettslege kravet er ikkje oppfylt når det gjeld å

- gje eleven og foreldra til eleven høve til å uttale seg om den sakkunnige tilrådinga til den som skal fatte vedtaket
- å synleggjere ein vurdering av barnets beste i vedtaka

3.5 Vedtaket skal informere om klagerreglar og innsynsrett

Fylkesmannen har undersøkt

- om vedtaket inneheld tilstrekkeleg informasjon om klagerett, klagefrist, klageinstans, kvar klagen skal sendast og om retten til å sjå saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd

I eigenvurderingane bli det i hovudsak vist til at dei oversende dokumenta inneheld slik informasjon, men at det ikkje går fram informasjon om retten til å sjå alle dokumenta i saka. Dette er grunngeve med at dei dokumenta som enkeltvedtaket bygger på som til dømes tilvisingsskjema, pedagogisk rapport, referat, sakkunnig vurdering, årsrapport og liknande vert sendt heimen.

Fylkesmannens vurdering

Alle vedtaka har med informasjon om klagerett. Denne er utforma generelt og er ikkje tilpassa enkeltvedtak i grunnskolen. Det blir difor ikkje opplyst at det i desse sakene er Fylkesmannen som er klageinstans, og ikkje kommunen, slik som i andre kommunale enkeltvedtak. Det blir heller ikkje opplyst om retten til å sjå alle dokumenta i saka.

Informasjonen opplyser om klagefrist og at klagen skal sendast til den som har fatta vedtaket.

Konklusjon

- Vedtaka inneheld ikkje informasjon om at Fylkesmannen er klageinstans i klager på vedtak etter opplæringslova.
- Det blir heller ikkje opplyst om retten til å sjå alle dokumenta i saka

4 Våre reaksjonar

4.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova 30-4:

Kommunen må sørge for å fatte vedtak som oppfyller retten til spesialundervisning og sakshandsamingsreglane i forvaltningslova, jf. opplæringslova §§ 5-1, 5-3 og 5-4 og forvaltningslova §§ 2, 23, 25 og 27. Kommunen må i den forbindelse sjå til at skulene

1. rutinemessig innhentar samtykke frå foreldre med foreldreansvar, eller frå elevar over 15 år, til at rektor kan fatte vedtak etter utredninga frå PPT
2. opplyser i vedtaka om fordeling av timane på faga
3. opplyser i vedtaka om avvik frå læreplanmål og kva opplæringsmål eleven skal ha
4. opplyser i vedtaka om korleis spesialundervisninga skal organiserast
5. gjer eleven og foreldra til eleven høve til å uttale seg om den sakkunnige tilrådinga til den som skal fatte vedtaket
6. synleggjer i vedtaka ein vurdering av barnets beste
7. opplyser i vedtaka om at Fylkesmannen er klageinstans på vedtak etter opplæringslova
8. opplyser i vedtaka om retten til å sjå alle dokumenta i saka

4.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 15. juni 2021. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

5 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til

oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18

Arendal 08.01.2021

VEDLEGG: Dokumentasjonsgrunnlaget

- Oversyn over tal på tilvising til PPT, sakkunnige vurderingar og enkeltvedtak i kommunen
- 10 elevsakar med tilhøyrande relevante dokument
- 1 elevsak som syner vedtak med avslag på spesialundervisning
- Rutinar som skal sikre opplæringstilbodet for elevar med spesielle behov (Byglandsfjord oppvekstsenter)
- Rutinar som skal sikre opplæringstilbodet for elevar med spesielle behov (Bygland oppvekstsenter)
- Mal for enkeltvedtak spes ped innvilgelse
- Mal for avslag på spes ped tiltak – Bygland kommune
- Informasjon om saksgang – Pedagogisk-psykologisk teneste for Setesdal

Helsetilsynet / Tilsyn / Tilsynsrapporter / Agder / 2021

TILSYNSRAPPORT

Rapport frå tilsyn med barneverntenestas arbeid med undersøkingar ved Setesdal barnevern 2021

Tidsrom for tilsynsbesøket:

4.5.2021

Statsforvaltaren i Agder

06.09.2021

Innholdsfortegnelse

1. Tilsynets tema og omfang
2. Aktuelt lovgrunnlag for tilsynet
3. Beskriving av faktagrunnlaget
4. Vurdering av faktagrunnlaget opp mot aktuelt lovgrunnlag
5. Statsforvaltaren sin konklusjon

Vedlegg: Gjennomføring av tilsynet

Alle tilsynsrapporter fra dette landsomfattende tilsynet

Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med Valle kommune, og besøkte i den samanheng Setesdal barnevern 4.5.2021. Formålet med tilsynet var å sjå til om kommunen sørga for at barneverntenesta sitt arbeid med undersøkingar blir utført i samsvar med aktuelle lovkrav. Barna/brukarane skal ha trygge og gode tenester. Tilsynet blei gjennomført SOM del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Valle kommune sikrar ikkje at alle undersøkingar er forsvarleg gjennomførde på følgjande område:

- Avklaring av
- Informasjon til familiane og
- Fortløpande
- Planmessigheit/struktur.

Dette er det brot på

Forsvarleg sakshandsaming i undersøkinga, jf. barnevernlova §§ 4-3 (undersøkingar) 1-4 (forsvarlege tenester) 1-6 (medverknad) 1-7 (samarbeid med barn og foreldre) kommunelova § 25 (internkontroll).

Foreløpig rapport vart sendt 14.6.21. Statsforvaltaren bad om at tenesta sendte inn eventuelle kommentarar/innvendingar til faktagrunnlaget til oss innan 5.7.21. Statsforvaltaren har ikkje fått nokon kommentarar/innvendingar frå barneverntenesta.

1. Tilsynets tema og omfang

I dette kapittelet gjer vi greie for kva som blei undersøkt i tilsynet.

Statsforvaltaren har undersøkt og vurdert om kommunen sikrar at barneverntenesta sitt arbeid med undersøkinga er forsvarleg. Tilsyn med forsvarleg undersøkingsarbeid vil seie at ei undersøking og vurdering av om barneverntenesta har

- førebudd og planlagt undersøkinga ut frå innhaldet i meldinga og eventuelt tidlegare undersøkingar/anna kontakt med familien
- sørga for at innhaldet i undersøkinga, omfang og framdrift er i tråd med alvorret i situasjonen for barnet
- gjort relevante barnevernfaglege og juridiske vurderingar undervegs og til slutt i undersøkinga
- konklusjonen i undersøkinga er i tråd med dei vurderingane som er gjort

Tilsynet har omfatta undersøkingar som gjeld barn som budde heime då barneverntenesta fekk bekymringsmeldinga. Med dette meiner ein barn under 18 år som bur i biologisk familie, adoptivfamilie eller er plassert hjå andre utan barneverntenesta si medverknad.

Statsforvaltaren sitt tilsyn er gjennomført som systemrevisjon. Det inneber at statsforvaltaren har ført tilsyn med korleis kommunen styrer og leier arbeidet med om barneverntenesta oppfyller dei aktuelle lovkrava.

Barn og foreldre sine meiningar om og erfaringar med barneverntenesta sitt arbeid med undersøkingar er viktig informasjon for den som utfører tilsynet både når det gjeld kvaliteten på tenestene og kommunen sin praksis med tanke på brukar sin medverknad . Det har ikkje luktast tilsynet å intervju barn ved dette tilsynet, men vi har intervjuet eit utval foreldre. I intervju fortel

foreldra om ulike opplevingar frå sitt møte med barneverntenesta. Deira opplevingar har vi tatt med oss i tilsynet, men fordi deira opplevingar er ulike, vil ikkje informasjon frå intervjuar med foreldre verte refererte til som faktagrunnlag eller funn i rapporten.

2. Aktuelt lovgrunnlag for tilsynet

Statsforvaltaren er gitt mynde til å føre tilsyn med kommunal barnevernteneste, etter barnevernlova § 2-3 b. Eit tilsyn er ein kontroll av om verksemda er i samsvar med lov- og føresegner. Vi gir difor her eit oversyn over krava som er lagt til grunn i tilsynet.

Barneverntenesta har ein rett og plikt til å gjennomføre ei undersøking i saka når ho er vurdert slik at det er «rimeleg grunn til å tru » at det ligg føre tilhøve som kan gi grunnlag

for tiltak etter barnevernlova kapittel 4. Føremålet med undersøkinga er å vurdere og konkludere om barnet lever i ein omsorgssituasjon som kan gi grunnlag for barneverntiltak.

Krava til undersøkinga følgjer av lovavgjerda i barnevernlova (bvl.) og forvaltningslova (fvl.).

Forsvarlege tenester

Alle tenester og tiltak etter barnevernlova skal være forsvarlege etter bvl. § 1-4. Barnevernlova sin regel om kva som er forsvarleg har et heilskapleg utgangspunkt. Innhaldet i kravet må tolkast i samanheng med dei andre reglane i barnevernlova, til dømes prinsippet om barnets beste. Vidare vil både barnevernlova og forvaltningslova sine sakshandsamingsreglar gje innhald til kravet om forsvarleg gjennomføring av undersøkingane.

Kravet om forsvarlege tenester er retta både mot tenester og tiltak, og inneber også krav til leiing, organisering og styring. Det er nær samanheng mellom kravet til forsvarlege tenester og kravet om internkontroll for å sikre at oppgåvene blir utført i samsvar med krav fastsett i medhald av lov, jf. bvl. § 2-3 tredje ledd.

Barnets beste

Prinsippet om barnets beste kjem fram av Barnekonvensjonen artikkel 3 og Grunnlova § 10. Barnets beste skal være eit grunnleggjande syn ved alle handlingar og avgjerder som vil råke barn. I barnevernlova er prinsippet nedfelt i § 4-1, som vil seie at det skal leggjast avgjerande vekt på å finne tiltak som er til beste for barnet. Denne slår også fast at ein i vurderinga skal leggje vekt på å gi barnet stabil og god vaksenkontakt og kontinuitet i omsorga. Prinsippet utgjer ein sjølvstendig rett for kvart barn. I tillegg skal ein leggje vekt på andre lovheimlar og sjå dei i samanheng med Barnekonvensjonen. I sakshandsaminga må ein tolke og vekte dei ulike retningslinene for sakshandsaminga i alle sakene som gjeld barn.

Barnets rett til medverknad

Barnet si rett til å bli høyrd ligg i bvl. § 1-6. Dette gir barnet ein absolutt og sjølvstendig rett til å medverke, men ingen plikt. Retten gjeld i heile prosessen og i alle tilhøve som omhandlar barnet, ikkje berre når ein skal ta rettslege eller administrative avgjersler.

Retten til medverknad betyr at den som tek avgjersle har ein plikt til å gje barnet høve til å medverke. I ei undersøking pliktar barneverntenesta å sikre at barnet får oppfylt retten sin til medverknad.

Prinsippet om barnets beste heng uløyseleg saman med barnet sin rett til medverknad. Føremålet med medverknad er å få fram barnet sine synspunkt og tankar om sin eigen situasjon. Når barnet sitt syn har kome tydeleg fram, vil det danne eit betre grunnlag for vidare undersøking, vurdering og dermed vil kunne føre til ei endeleg avgjerd i saka som er vurdert ut i frå barnets beste og for å bidra til at dei vedtaka barnevernet fattar i ein undersøkingsfase er til barnets beste.

Samarbeid med foreldra

Foreldra som undersøkinga handlar om, har ein sjølvstendig rett i undersøkingsssaka. Når foreldra er part i barnevernssakene, vil dei ha rett til å uttale seg etter fvl. § 17.

Barnevernet skal i utgangspunktet leggje fram opplysningar som dei har motteke frå undersøkinga, så foreldra får uttale seg. Barneverntenesta bør og gjere foreldra kjende med andre opplysningar som har mykje å seia for saka etter fvl. § 17.

Barnevernet skal utøve si verksemd med respekt for og så langt som mogleg i samarbeid med barnet og barnets foreldre, jf. bvl. § 1-7.

Nærare krav til undersøkinga sitt innhald, omfang og framgangsmåte

Forvaltningslova pålegg barneverntenesta å sikre at faktum i saka er klarlagt så langt det er mogleg før ein fattar vedtak, jf. fvl. § 17. Dette inneber at relevante sider av saka må komme fram. Barneverntenesta må vurdere riktigheita av dei opplysningar som kjem inn undervegs i undersøkinga. Kor omfattande undersøking barneverntenesta skal gjere må byggje på ei konkret vurdering av innhald og karakter i meldinga og anna informasjon i saka. Momenta som alvorsgrad, kompleksitet og hastegrad har verdi for kor grundig barneverntenesta skal undersøkje.

Barnevernlova § 4-3 andre ledd slår fast at undersøkinga skal gjennomførast slik at den minst mogleg skader som den råka, og den skal ikkje gjerast meir omfattande enn formålet tilseier.

Foreldra eller den barnet bur hjå, kan ikkje motsette seg at ei undersøking blir gjennomført ved besøk i heimen, jf. bvl. § 4-3 tredje ledd, og barneverntenesta kan også engasjere sakkunnige, jf. bvl. § 4-3 fjerde ledd.

Etter bvl. § 6-4 femte ledd skal barneverntenesta innhente opplysningar i samarbeid med foreldra. Innhenting av opplysningar som er underlagt teieplikt frå helsepersonell og andre forvaltningsorgan som er omfatta av teieplikta inneber at barneverntenesta må ha gyldig samtykke frå foreldra for å hente inn opplysningane, jf. fvl. § 13 a nr.1 eller ein lovheimel som gir tilgang til å unntaka frå teieplikta. Barneverntenester har heimel til å påleggje offentlege myndigheit mfl. om å gje opplysningar som er omfatta av teieplikt i situasjonar som er omtala i bvl. § 6-4.

I følge bvl. § 6-9 skal undersøkingar bli gjennomført snarast og seinast innan tre månadar, eventuelt seks månadar i særlege høve.

Dokumentasjon

Det høyrer til god forvaltningsskikk å sørge for tilstrekkeleg og etterretteleg dokumentasjon, for at ein kan gjere greie for kva som er gjort i saka og grunngjevinga for dette.

Dokumentasjonsplikta er også ei følgje av krava til forsvarleg teneste og plikt til internkontroll.

Både avgjerd om å innvilge hjelpetiltak og å leggje bort ei sak etter undersøking fører til at ein må sjå på eit einskildvedtak etter forvaltningslova, jf. bvl. § 6-1 andre ledd og § 4-3 sjette ledd. Dette tyder at ein må grunngje vedtaket etter reglane i forvaltningslova §§ 24 og 25. I tillegg skal det etter bvl. § 6-3a gå fram av vedtaket kva som er barnet sitt synspunkt, og kva vekt barnet si meining skal ha. Korleis barnets beste er vurdert skal også gå fram av vedtaket.

Krav til styring og leiing

Krav til leiing, organisering og styring er eit viktig element i kommunen sitt ansvar for å tilby og yte forsvarlege tenester. I barnevernloven står det at «kommunen skal ha internkontroll for å sikre at den utfører oppgavene sine i samsvar med krav fastsatt i lov og forskrift. Kommunen må også kunne redegjøre for hvordan den oppfyller kravet til internkontroll.» Dette følgjer av barnevernloven § 2-1, andre ledd, jf. kommuneloven § 25-1.

I bvl. § 2-1 sjuande ledd går det fram at kommunen skal sørge for at tilsette som gjer undersøkingar i barneverntenesta har nok kompetanse til å utføra arbeidet på ein måte som er forsvarleg. Kommunen har ansvaret for å gje nødvendig opplæring ved behov.

3. Beskriving av faktagrunnlaget

Her gjer ein greie for korleis verksemda sine aktuelle tenester fungerer, inkludert verksemda sine tiltak for å sørge for at krava til kvalitet og sikkerheit for mottakar av tenesta blir overhalde.

ORGANISERING

Kommunen si organisering

Valle er ein kommune i Agder. Valle grenser mot Bygland i sør og Bykle i nord. I nordaust grenser Valle mot Tokke og Fyresdal og i vest mot Sirdal. Kommunen har 1 169 innbyggjarar pr. 4. kvartal 2020. Kommunedirektøren er øvste administrative leiar i kommunen. Under kommunedirektøren er det ti avdelingar med kvar sin leiar. Ei av dei ti avdelingane er Setesdal barnevern. Dei andre avdelingane og kommunedirektøren har møte kvar veke. Barnevernleier deltek ikkje på desse møta no, fordi det vart frå kommunedirektøren si side vurdert at det ikkje var føremålstenleg bruk av tida til barnevernleier.

Barneverntenesta har i om lag eit år fått hjelp frå rettleiingsteam i regi av Bufdir. Rettleiingsteam er et tilbod om rettleiing til kommunar som ynskjer å styrke og utvikle barneverntenesta.

Målgruppa for rettleiingsteam er kommuneleiinga og barnevernleier. Kommunen vil få hjelp frå

rettleiingsteam i eit år til.

Organisering av barneverntenesta

Setesdal barnevernteneste er ei interkommunal barnevernteneste. Valle kommune er vertskommune for samarbeidet. Setesdal barnevern gir tenester til innbyggjarar i Bykle, Bygland og Valle. Barnevernleier er underlagt kommunedirektør i vertskommunen Valle, og rapporterer til vertskommunen. Barnevernleier er fagleg og administrativt overordna dei tilsette ved den felles tenesta.

På tilsynstidspunktet har kontoret eigen barnevernleiar og to kontaktpersonar. Det er i tillegg ein tilsett ute i permisjon. Tenesta har ein merkantil tilsett i ein 20% stilling. Tenesta er organisert etter generalist-modell, som inneber at dei som er tilsett som kontaktpersonar skal delta i alle fasar av ei barnevernssak.

Det kjem fram frå halvårsrapporteringa som tenesta har levert, at tenesta det siste halvåret i 2020 fekk 28 bekymringsmeldingar. Det blei gjennomført 13 undersøkingar. Ved slutten av 2020 var det 27 barn som fekk hjelpetiltak av barneverntenesta.

STYRING OG INTERNKONTROLL

Opplæring og kompetanse

Skriftlege rutinar m.m.

Ein stor del av opplæringa av dei nytilsette blir gitt gjennom KUBA (Kompetanseutvikling for barnevernet i Agder). KUBA har eigne bolkar med opplæring for nytilsette. Opplæringa av nytilsette har ei lengde på 6 dagar, og inneheld tema frå alle fasar i ei barnevernssak.

Gjennom nytilsettopplæringa i KUBA får kontaktpersonar mellom anna opplæring i korleis kontaktpersonar skal gjennomføre undersøkingar samt innføring i relevante lovmessige rammer og aktuelt verktøy.

I barneverntenesta sine rutinar står det at ein skal utarbeide ein opplæringsplan som er felles for barneverntenesta. I tillegg skal kvar einskild tilsett ha eigen individuell opplæringsplan. Planen er lagt til rette ut i frå aktuelle opplæringsbehov som kjem fram gjennom dei årlege medarbeidersamtalane. Dei tilsette får individuell rettleiing av ekstern rettleiing. Dei signerer ein kontrakt om individuell rettleiing som skal evaluerast kvar 6. månad.

Ein tilsett representerer tenesta inn i eit gruppearbeid, som går over faste treff gjennom 2021 i regi av KUBA. Gruppa arbeider med å lage malar for undersøkingarbeidet.

Sluttproduktet skal så gå tilbake til tenestene, og skal på denne måten føre til kompetanseheving på tvers av barneverntenestene i Agder. Ein annan tilsett representerer barneverntenesta i gruppearbeid om oppfølging av fosterheimar, medan barnevernleier deltar i gruppa som arbeider med oppfølging av tiltakssaker i barnevernet.

Fire gongar i året blir det arrangert internseminar for barneverntenesta, med intern eller ekstern forelesar. Tenesta deltek på interne og eksterne fagdagar.

Barneverntenesta har fagmøte kvar onsdag mellom kl. 9-12. Møta er obligatoriske for alle tilsette i barneverntenesta. Her er tema (vidare)utvikling og implementering av rutinar, lov- og føresegner. I tillegg drøftar gruppa aktuelle faglege problemstillingar.

Barnevernleier tilbyr målsamtalar med kontaktpersonane annankvar måned. Føremålet er å utarbeide individuelle utviklingsmål og kompetanseheving. I dette fora blir det drøfta ynskje og behov for opplæring og utvikling.

Tilgang på fagkunnskap

Tilsette i Setesdal barnevern har tilgang på Visma rettleiar og andre digitale rettleiarar. Barneverntenesta har oppdatert rutinane sine 30.11.20. I rutinane er det oversyn over aktuelle lover, føresegner og rundskriv.

Tilsette si samla kunnskap og erfaring

Fungerande barnevernleiar vart tilsett for 1,5 år sidan, og vart konstituert som barnevernleiar for eit år sidan. Barnevernleiar er utdanna vernepleiar med master i sosialt arbeid. Barnevernleiar har nokre oppgåver som sakshandsamar grunna mangel på tilsette, og er på tilsynstidspunktet om lag 70% leiar og 30 % sakshandsamar.

Kontaktpersonane vart tilsett omlag på same tid. Begge kontaktpersonane er utdanna barnevernpedagogar. Ein tilsett har røynsle frå arbeid på barneverninstitusjon. Den andre har erfaring frå NAV, barnehage og barneverninstitusjon.

Intervjua

Dei tilsette har vore på nytilsett opplæring i regi av KUBA. Dei tilsette har målsamtaler som er obligatoriske, og har individuell kompetanseplan. Ein tilsett skal ta COS- kurs (Circle of security) i 2021. Dei har fått ekstern rettleiing og ein tilsett har fått rettleiing frå kollega med delegert rettleiingsansvar/fagrettleiar.

Dei tilsette skal ha opplæring i samspillsobservasjon med Øyvind Kvello hausten 2021. Avdelinga har tidlegare hatt prosessrettleiing annan kvar veke, men no er det redusert til 1 gong i månaden. Prosessrettleiinga som dei tilsette har fått frå kommunepsykologen, har gått over frå prosessrettleiing til at dei får opplæring i mentaliserings-intervju. Dette var det tenesta sjølv som ynskte fordi dei opplevde behov for kompetanseheving meir enn behov for prosessrettleiing.

Myndigheit og delegering

Kommunen har eit reglement for vidare delegering som vart vedteke av kommunedirektøren i Valle 28.4.17. Her står det at rådmannen (no kommunedirektøren), delegerer fullmakt om avgjerd etter barnevernlova til leiar for Setesdal barnevern. I delegeringsreglementet står det at også sakshandsamar kan underskrive melding om vedtak der det ikkje er gitt instruksjon eller tolkingar, innhenting av opplysningar som ledd i sakshandsaminga og opplysningar/informasjon (ikkje tolkingar) av regelverk, planar etc.

Einingsleiar skal underskrive «andre brev», og sakshandsamar paraferer. Det står i reglementet at einingsleiar har ansvar for å kvalitetssikre, og vurdere om brev skal bli førelagt rådmann (kommunedirektør) til underskrift/orientering. I arbeidsinstruks for leiar går det fram at leiar er

fullmaktshavar i saker innanfor tenesteområdet. Leiar kan delegere vidare dersom det ikkje er tatt inn reservasjonar mot det.

Møtestruktur og rapporteringslinjer

I oversikt over møtestruktur står det om følgande møtepunkt i tenesta:

1. Interndag kvar I dette møtet har ein saksgjennomgang for kontroll og drøfting. Kvar kontaktperson har ansvar for å førebu sakene, gi informasjon, gjennomgå og drøfte sakene med bakgrunn i erfaringsbasert fagkunnskap.
2. Styringsgruppemøte er omtrent kvart kvartal, med barnevernleier, kommunaldirektørar i Bykle, Valle og Barnevernleier kallar inn og lager agenda i samarbeid med kommunedirektør i vertskommunen.

Informasjonsmøte om Setesdal barnevern med kommunedirektørar og ordførarane i dei tre samarbeidskommunane. Agenda for møtet er status i Setesdal barnevern, tal på saker, utfordringsbilete for levekår samt utfordringsbilete for Setesdal barnevern knytt til drifts- og sakstilhøve.

3. Årleg møte med leiarar for Barnevernleier kallar inn leiarane for skolane, barnehagane, politi, helsetenestene, PPT, SLT og koordinerande eining.
4. Barnevernleier inviterer seg til kommunestyra kvart år for å legge fram årleg tilstandsrapport for Setesdal Årlege informasjonsmøte i formannskapa i dei tre kommunane der overordna aspekta og føringar blir drøfta.

Risikovurdering

Barneverntenesta gjennomførte ei ROS kartlegging 29.1.21. Her blir det skissert 7 scenario som greier ut kva som kan gå galt i tenesta. Det er omtalt konsekvensar dersom scenario inntreffer, kor ofte og ei vurdering av konsekvensane. Tenesta har laga ei prioriteringsliste over problemområde og har foreslått tiltak for å redusere risiko, med frist for iverksetting av tiltak i 2021. Eit av risikoområda som er omtala handlar om at tilsette ikkje er godt nok kjende med interne rutinar. Det er risiko for at lovkrav ikkje blir følgde opp som resultat av dette. Tiltak som skal avgrense risikoen er at interne rutinar skal bli gått gjennom annenkvar månad, og interne rutinar leggjast på leselista i Compilo. Dette tiltaket blei starta opp 1.4.21.

System for avvik

Valle kommune nyttar Compilo i høve avviksmelding og avvikshandtering. Compilo er eit system for kvalitetssikring og forbetring med ein modul for avvikshandsaming og ein modul for varsling. Alle tilsette har tilgang til Compilo.

I rutinen «saksbehandling og avvik» står det at tenesteavvik skal meldast i Compilo umiddelbart etter at avviket er oppdaga. Tenesteavvik er når lovar, føresegner, reglar med meir, ikkje blir følgde. Compilo blei tatt i bruk i tenesta frå 2019. Det er barnevernleiar som handsamar avvik som gjeld brot på lovar, reglar og rutinar. Barnevernleiar skal saman med kontaktperson gå gjennom årsaka til avviket og sørge for at avviket ikkje blir gjenteke.

Barnevernleiar blir utan opphald orientert ved avvik.

Ved brot på interne rutinar som ikkje er definert som tenesteavvik, skal dette tas opp med barnevernleiar i rettleiing. Barnevernleiar og kontaktperson skal gå gjennom årsak til brotet, med føremål å unngå gjentakning. Avvik som har status «høg», skal gå direkte til kommunedirektøren. Barnevernleiar skal få orientering med skriftleg varsel. Varsel som omhandlar barnevernleiar skal gå til kommunedirektøren.

Leiar har 21 dagar på å lukke avvik. Går det meir enn 21 dagar vert avviket vidare sendt til kommunedirektøren. Kommunedirektøren kan gje forlenging om det er naudsynt at tiltak må virke over tid. I perioden 1.1.21- 30.3.21 er det meldt 35 avvik. Majoriteten av avvik handlar om brot på interne rutinar, det er mellom anna ulike type fristbrot, manglande sikring av barnet si stemme og brot på rutine om å tilrå familieråd i undersøkingssakar. Det er også avvik som handlar om HMS og informasjonssikkerheit.

Intervju

Barnevernleier var tidlegare med på møter med einingsleiarane og kommunedirektør, men dette er endra slik at barnevernleier deltek ikkje lenger på desse leiarmøta.

Kommunedirektør har gjort vurderingar kring kva som er best bruk av tid for barnevernleier og det har vore tema på møta som gjer at barnevernleiar får lite ut av å vere til stades. Barnevernleier og kommunedirektør møter kvarandre jamleg fordi tenesta får hjelp frå rettleiingsteam der leiarskap er ein av fleire tema dei arbeider med der.

Barnevernleiar ser at det kunne vore fleir møtepunkta med kommunaldirektør.

BARNEVERTENESTA SITT ARBEID MED UNDERSØKINGAR

Førebuing og planlegging av undersøking

Skriftlege rutinar

Kapittel 4 i tenesta si rutinehandbok handlar om barneverntenesta sitt arbeid med meldingar. Her står det at barnevernleier eller den med delegert ansvar ved fråvær av leier, som skal avklare meldingar så raskt som mogleg, og seinast innan 7 dagar frå dei kjem inn. Ein går gjennom meldingar dagleg for å vurdere alvorlighetsgraden i saka og behov for raske undersøkingar.

Tenesta har ein mal for meldingsavklaringar. Denne vert brukt ved gjennomgang av meldingar. Her står det dato for når meldinga er motteke og informasjon om meldar og barnet meldinga handlar om.

I skjemaet skal ein svare på om barneverntenesta har tidlegare kjennskap til familien eller ikkje. Skjemaet har mellom anna spørsmål om det er behov for mellombels vedtak, om ein trur at meldinga gir grunnlag for vedtak, grunngeving for eventuell avklaring med meldar, instansar familien er i kontakt med og barnevernfaglege vurderingar av alvorlet i bekymringa, samt grunngeving for å opprette undersøking eller legge bort saka. I tillegg skal ein fylle ut tilråding om kva for område ein bør undersøkje. I rutinar står det at det skal vere ekstra sterke grunnar for at barneverntenesta ikkje skal opne undersøking dersom det er en offentlig meldar. Grunngeving for dette er at offentlig meldar har vurdert at deira uro er så alvorleg at det utløyser opplysningsplikta.

I rutinar står det at barneverntenesta skal avklåre meldingsinnhaldet med partane dersom det er behov, forutsett at meldinga ikkje omhandlar vald eller overgrep. For å unngå å sette i verk undersøking ved bekymringsmelding som handlar om foreldre som ikkje har samvær med barnet, kan dei avklåre samværsordning med den av foreldra barnet er folkeregistrert hjå.

Kontaktperson 1 skal avtale tidspunkt med kontaktperson 2 for å drøfte framdriftsplan før ein sender brev til klienten. Her skal kontaktpersonane drøfte val av metode, kartleggingsverktøy, fokus i undersøkinga og bruk av tid.

Tenesta har rutinar for gjennomføring av undersøkingar i tenesta. Denne inneheld lovheimel for undersøking, tilvising til føresegn, og minner om krav til dokumentasjon. Det er leiar sitt ansvar å kople på kontaktperson i sakshandsamingssystemet. Leiar tildeler saker til kontaktpersonen per e-post med informasjon om meldingsnummeret på saka.

I rutinen står det omtala som ei overordna grunngeving for å være to i undersøkinga, er at det er to som kjenner saka og som derfor har høyrte og sett det same. Undersøkinga blir til gjennom eit samarbeid ved at ein har same informasjonsgrunnlag til å drøfte saka, og fungerer dermed som ei kvalitetssikring av arbeidet. Dette skal føre til økt sikring av rett vurdering for klienten. Det er berre unntaksvis at ein kontaktperson som kan gjennomføre ei undersøking aleine, etter avklaring med fagleiar/barnevernleiar.

Kontaktpersonen skal planleggje undersøkinga og aktivitetane i undersøkinga med utgangspunkt i undersøkingsplanen saman med familien og eventuelt saman med rettleiar. Undersøkingsplanen skal i følgje rutinane fungere som ein framdriftsplan og ei sjekklister for å sikre at undersøkinga vert gjennomført i høve til rutinane. Planen skal takast med til internmøte på kvar onsdag etter at saka er tildelt.

Det står i rutinen at dei skal gjennomgå planen med partane i saka. Føremålet med det er at partane får kjennskap til kva og når dei ulike fasane i undersøkinga skal skje. Det må komme fram i planen at det er barnet sin situasjon som skal ha fokus. Partane skal få kopi av planen. Dei må dokumenterer endringar i postjournalen undervegs.

For undersøking som omhandlar vald, overgrep eller andre straffbare omstende, seier rutinen at kontaktperson 1 og 2 straks skal drøfte framgangsmåten vidare. Det er utarbeidd spørsmål til drøfting, som handlar om å vurdere og kontakte melder for å hente inn meir informasjon, avklåre om saka er meldt og be om skriftleg informasjon frå melder si vurdering av kvifor tilhøvet ikkje er meldt. Melding til barnevernet kan dei drøfte med politiet og rutinen seier at kontaktpersonane skal samarbeide og koordinere undersøkinga så langt det er mogleg. Dei må jamleg vurdere melding i undersøkingsprosessen, og minst ved oppstart og gjennomføre ei evaluering midtvegs i saka.

Tilsendte saksmapper

I meldingsavklaringane er det uklart når meldinga har komme inn. Meldingane er ikkje stempla, og vi ser døme på at det er ulik dato på når meldinga ble motteke i avklarings skjema og i brev med underretning til melder.

I 15 saker er det ikkje oppretta ein fagleg grunngeving for kvifor saka skal undersøkast. Ein syner ofte til lovtekst, men det er ikkje knytt opp til den konkrete saka. I 11 saker manglar det hypotesar og tema for undersøkinga. I 5 saker manglar det vurdering av hastetiltak.

I meldingsavklaringane vurderer dei for det meste om undersøkinga skal vere lukka. I ei sak ser vi at vedtak om å lukke undersøkinga kjem ein månad og ti dagar etter undersøkinga starta. I mal for meldingsavklaring har tenesta eit punkt for tidlegare kjennskap til familien. Det manglar informasjon om tidlegare kjennskap til familien i 6 saker, og i 7 av sakene manglar det informasjon om kva tiltak som har vore inne i familien. Det er i liten grad utdjupa kva kjennskap og erfaring barneverntenesta har med familien frå før. I 6 saker manglar det vurdering av tidlegare informasjon som barneverntenesta har om familien når dei planlegg undersøkinga.

Malen for meldingsavklaring har eit punkt med spørsmål om undersøkinga skal være lukka. I dei fleste sakene har det vore uaktuelt. I 2 av 3 saker kor det var aktuelt, ser vi at det er vurdert. I 4 saker manglar det vurdering av om undersøkinga og skal omfatte søsken.

Generelt kjem informasjon om søskenforhold ikkje fram i meldingsavklaringa.

Vi ser undersøkingsplan i 19 av 20 saker. I dei fleste sakene kor det er aktuelt, er det vurdert om undersøkinga skal være i båe heimane. I ei av sakene kom vurderinga 6 ukar etter meldinga vart motteke. I 11 av 20 saker er det ikkje dokumentert at foreldre har fått sjå planen.

Intervju

Dei tilsette og barnevernleier går gjennom meldingar som har kome inn kvar onsdag. Dei snakkar om kva ei undersøking bør innehalde, og leiar skriv i skjema. Tenesta opplever at dei er betre til å skrive vurderingar no, enn dei var tidlegare.

Tenesta har rutinar for å drøfte sakar med kvarandre, uansett om dei er to som er med på møter i saka eller ikkje. Dei kjenner til at desse drøftingane ikkje kjem så godt fram i dokumentasjonen, og det har samanheng med kor mykje tid dei kan setje av til kvart journalnotat. Dei er ikkje alltid to på heimebesøk, men vurderer mellom anna frå kjennskapen dei har til familien frå før.

Dei tilsette opplever at undersøkingsplanen er eit godt verktøy for å få med alt. Dersom ting endrar seg undervegs, skal dei eigentleg lage ein ny undersøkingsplan, men dei får ikkje alltid gjort det. Dei sit i lag og planlegg undersøkinga og tar den med i første møte med familien. Dei gjer den ferdig etter møtet, etter å ha fått samtykke frå foreldra. Dei skriv ned problemstillingar som dei har laga ut frå bekymringsmeldinga. Dette har dei gjort meir av i den siste tida. Barna er ikkje involverte i arbeidet med å lage plan for undersøkinga.

Dei opplever at dei har informasjon om tidlegare kjennskap til familien når dei får tildela ei sak. Det er små forhold i tenesta.

Gjennomføring av undersøking – innhald, omfang og framdrift

Skriftlege rutinar

I rutinen «undersøking-prosess», står det at den første kontakta med familien kan være over telefon, eller i form av eit formelt brev der dei kallar inn til eit møte. Rutinen minner om at det må vere god dokumentasjon på kva som blir avtalt i første telefonsamtale.

Familien skal få høve til å møte på kontoret, men heimebesøk har høgare prioritet.

I saker med offentlig meldar står det i rutinen at ein skal gjennomføre meldingsmøte saman med familien og meldar. Dette gjelde ikkje i saker med bekymring for vald/overgrep eller saker der ein vurderer det ugriitt å gjennomføre på denne måten. Møtet er todelt. I første del møter familien aleine for å få informasjon om partsrettar og gangen i ei undersøking. Deretter kjem meldar for å utdjupe meldinga.

I rutinen «undersøking metode» står det mellom anna om kva som høyrer til i ein førstegangssamtale. Her skal dei gjennomgå meldinga, drøfte innhenting av opplysningar og familien skal kome med framlegg til kilder. Partane skal signere samtykkeskjema for informasjonsinnhenting, dei skal få informasjon om partsrettar og signere skriv om partsrettar.

Tenesta har rutine for gjennomføring av informasjonsinnhentingsmøter. Denne rutinen kan dei nytte i staden for og/eller i tillegg til innhenting av skriftleg informasjon. Føremålet med metoden er å utdjupe bekymringsmeldinga og få fram ulike sider. Det er eit sentralt mål å take i vare eit godt samarbeidsklima. I desse møta står det i rutinen at barnets/ungdommens stemme skal kome tydeleg fram.

I rutine for innhenting av opplysningar går det fram at informasjonen barnevernet ber om, skal være relevant for å belyse barnet og barnets situasjon. Barnevernet vil vurdere korleis dei skal nytte opplysningane og dei må tilpasse spørsmåla til den enkelte saka. I rutinen står det at dei purra skriftleg dersom opplysningane ikkje er kome attende innan fristen.

Tenesta har rutine for gjennomføringa av heimebesøk. Rutinane inneheld sikringsvurderingar og tiltak kontaktpersonane skal gjere i samband med heimebesøk. Det står mellom anna i rutinen at kontaktpersonar skal unngå å ta opp sterkt provoserande tema på heimebesøket og at familien alltid skal få informasjon om kva det er barnevernet ynskjer å observere under besøket.

Det er ei rutine for å vurdere heimebesøk som ikkje er avtalt på førehand. Dette er særleg viktig når innhaldet i bekymringsmeldinga er så alvorleg at ein vurderer at barna er i ein akutt situasjon. Barnevernet bør og vurdere særskilt situasjonar der tenesta ikkje har lukkast med å få kontakt med familien etter 2-3 innkallingar.

Rutinen «undersøking- metode» omhandlar eit minimumsinnhald for undersøkinga. Undersøkinga skal minst innehalde ein førstegangssamtale, dokumentinnhenting, vurdering av om foreldre utan foreldreansvar skal få informasjon, samtaler med foreldre om barnet, heimebesøk, samtale med barnet, samtale med foreldra (om dokumenter/informasjon i saken) og samtale med barn og foreldra for å gå gjennom mellom anna undersøkingsrapport.

I rutinen for «barns medverknad» står det om barnets rett til informasjon, til å bli høyrd og til å uttale seg i trygge omgjevnader. Det er stilt krav til at barnevernet møter barn med respekt, og at ein tek barn på alvor. I rutine for «samtaler med barn» står det at barneverntenesta i starten av undersøkinga skal vurdere å snakke med barnet først, foreldra først eller med barn og foreldra saman. Barn som er store nok skal ein snakke med aleine. Barnet kan få moglegheit til å ha med ein vaksenperson som dei er trygge på. Barn skal få informasjon om rettane sine, om barnevernet, og skal få moglegheit til å uttrykkje sine meiningar. Ved avslutning av ei undersøking skal barnet få informasjon om resultatet av undersøkinga og vegen vidare, ut frå alder og mognad. Det står også at ein kan vurdere konkret om foreldra kan ta ansvar for å formidle til barnet dersom barnevernet vurderer at foreldra vil ivaretake oppgåva.

Kontaktperson skal kontakte fagleiar dersom det er fare for at undersøkningsfristen ikkje vert overhalde. Dette skal skje seinast ved midtvegsevaluering. Dersom det er mogleg, skal ein omprioritere ressursar for å halde fristen. Det er stilt krav til at kontaktperson skal informere om årsaka for overskriding av fristen. Krav til informasjon om utvida undersøkingstid må kome i god tid før ordinær frist for undersøkinga går ut. Det er ein eigen mal for dette i familia, og skjemaet skal leverast til barnevernleier.

Barneverntenesta har laga ei rutine for undersøking av ufødd barn, der det går fram at ein skal legge bort undersøkinga den dagen barnet er født. Det er omtala kva ein skal gjere dersom det ligg føre tiltak etter fødsel og kva ein skal gjere om tiltak ikkje er klart.

Tilsendte saksmapper

I minst 16 saker ser vi at foreldre ikkje har motteke skriftleg informasjon om oppstart av undersøkingssak. I alle saker, kor det er aktuelt, har barneverntenesta sendt ut skriftleg informasjon om oppstart av undersøkingssak til melder.

I alle saker har tenesta innhenta skriftleg samtykkje til innhenting av opplysningar frå foreldre. I ei sak ser vi at det er henta inn frå fleire instansar enn det er innhenta skriftleg samtykke til. I 11 saker kan vi ikkje sjå at foreldre er spurde om kven det kan være aktuelt å innhente informasjon frå. I 14 saker kan vi ikkje sjå at foreldre har fått sjå spørsmåla som er

sende ut. I nokre saker er det ikkje innhenta opplysningar, og i ei sak har foreldra vore til stades i møte kor informasjon vart delt.

I 7 saker ser vi at tenesta innhentar meir informasjon enn dei treng, og/eller at dei stiller rutinemessige spørsmål.

I 18 av 20 saker er det gjennomført heimebesøk. I 6 saker kor det kunne være aktuelt, er det ikkje vurdert heimebesøk som er umelde på førehand. I 3 av 11 saker der det kunne vore aktuelt, er det gjennomført observasjonar av samspel. Det er stort sett mykje kontakt mellom barneverntenesta og foreldra og dei tek opp relevante tema i samtalan.

I 12 saker har barneverntenesta snakka med barna. I 3 saker der det kunne vore aktuelt, har barneverntenesta ikkje snakka med barna. I dei høve der barneverntenesta snakkar med barna, brukar dei å snakke med barna meir enn ein gang. Stort sett gjennomfører barnevernet samtalan på skulen eller på heimebesøk. I dei høve der barnevernet snakkar med barna i undersøkinga, snakkar dei med barna aleine. Vi ser at barnevernet tek opp relevante tema i samtalan med barna.

I 2 saker har barnehagen hatt samtale med barna i framfor barnevernet. Det kjem ikkje fram i dokumentasjonen at barna har blitt høyrd om kor og når samtalen skal skje, med unntak av i 2 saker. Det er ikkje dokumentert i nokon av sakene at barna har fått informasjon om tillitsperson, eller om barna får moglegheit til å ta et medvite val rundt kven dei ynskjer å ha med seg inn i samtalen.

Intervju

Dei tilsette brukar å kontakte familien over telefon. Dei introduserer seg, og opplev at familien ofte er klar over meldinga som er sendt til barnevernet. Dei oppfordrar foreldra om at dei tek det meste av informasjonen i første møte. I første møte får foreldra informasjon om

undersøkinga, og informasjon om rettar dei har. Dei har ein ny rutine der dei deler ut ei mappe med informasjonsskriv om rettar som foreldra skal signere på, samtykke til innhenting av informasjon, og samtykke til å bruke feedback informerte tenester, som er eit system for systematisk tilbakemelding frå dei tenesta er i kontakt med. Dei har rutine for å spørje foreldra kven det kan ver aktuelt å innhente informasjon frå.

Dei brukar malen for innhenting av opplysningar som ligg i familia. Dei ringer og purrar på opplysningar i høve der dei ikkje får tilbakemelding innan fristen dei gir i brevet.

Når det gjeld vurderingar kring observasjonar av samspel, ser dei det an etter barnet sin alder. Dei brukar samspelsobservasjonar der samtale med barnet ikkje vil gje noko svar. Barneverntenesta prøver å bruke kvarandre der dei kan. Det er nokre som er flinke i barnesamtaler, medan andre er betre på å være tydelege. Dei har ikkje så mange verktøy på avdelinga, men dei har hatt opplæring i mentaliseringsintervju. Det er ei som går på COS kurs no, og i tillegg skal dei få Kvello-opplæring til hausten.

Når dei drøftar saker på avdelinga, lagrar dei notatet frå drøftinga i Compilo. Dei har snakka om problemet det skaper at det er kontaktpersonane som må lagre drøftingane i familia.

Barns medverknad

I undersøkinga spør kontaktpersonar foreldra eller skolen kven barnet har tillit til, og som kan vere med i samtalen med barnevernet. Dei har ein del samtaler på skolen, og da veit foreldra kven barnet stoler på. Dei spør og barnet, men det er nok oftare dei spør ungdom.

Vurderingar

Dei har snakka om at dei alltid skal leggje til vurderingar etter møter. Dei opplever at det er utfordrande å rekkje over alt.

Midtvegs evaluering

Det er ein ny mal, som dei må bli betre kjend med. Malen går ikkje direkte inn i familia, så dei må skrive han ein annan stad først, utan å lagre han. Seinare kan dei leggje han inn i familia. Dette skal dei endre på. Dei har tek opp evalueringar på onsdagsmøtet, og kontaktperson må sjølv skrive inn på si sak etter møtet.

Vurderingar undervegs og til slutt i undersøkinga

Skriftlege rutinar

I rutinen «barnets beste» står det at det i alle fasar av sakshandsaminga at ein skal gjennomføre særskilte vurderingar av kva som er barnets beste. Barnevernet skal syne til vurderingar som er gjort rundt val av tiltak, både rundt tiltak ein vel og det som ein vel bort. Vurderingane skal komme fram i den skriftlege dokumentasjonen. I rutine for «barnets medverknad» står det at dei dokumenterer vurderingar dei tek som fortløpande avklaringar og drøftingar i kvardagen. Barnets medverknad er ein prosess dei har gjennom heile kontakten med barneverntenesta. Barnet si meining skal komme tydeleg fram. I dei høve der barnet sine ønskje ikkje blir følgt opp, skal ein dokumentere og grunngje dette.

Tenesta har rutine for midtvegsevaluering. Kontaktpersonane har ansvar for å bruke malen i sakshandsamingssystemet. Midtvegsevalueringa skal ein gjennomføre på «interndag».

Kontaktpersonar skal ta med dokument som er utfylte med fakta i saka, som grunnlag for drøfting med kollega og leiar. Det går fram av rutinen at ein mellom anna skal drøfte kva for opplysningar som manglar for å kunne konkludere undersøkinga. Kontaktperson har ansvar for å ferdigstille dokumentet når kontaktperson har ført inn drøftingar av tiltak og vegen vidare, etter vegleiing med fagleiar.

Ved avslutning av undersøkinga skal ein utarbeide ein undersøkingsrapport. Dei har ein eigen mal i familia. Barnevernet skal starte på rapporten to veker før fristen for undersøkinga går ut, og rapporten skal være ferdig innan undersøkingsfristen. Leiar skal lese og godkjenne rapporten. I etterkant skal ein gjennomgå rapporten med foreldre og dersom foreldra ynskjer det, skal de få den tilsendt.

Det står i rutinane om vilkår og terskel for å gjenoppta undersøking etter 6 månader, når foreldre ikkje vil take i mot hjelpetiltak. Kontaktpersonen skal informere foreldre nøye om sine vurderingar av hjelpebehovet og konsekvensen av å motsette seg nødvendige hjelpetiltak ved avslutning av undersøkinga.

Tilsendte saksmapper

I minst 11 av 20 saker manglar det fortløpande dokumentasjon av barnevernet sine vurderingar. I 11 saker manglar barnevernfaglege vurderingar etter samtale med barna. I 8

saker manglar vurderingar etter samtale med foreldre, medan i nokre saker ser vi at det er vurderingar etter nokre av samtalane. I minst 12 saker manglar det barnevernfaglege vurderingar fortløpande ved mottak av opplysningar.

I 11 saker gjer barnevernet ei samla og avsluttande vurdering av forholda som har kome fram i undersøkinga. I undersøkingsrapporten og vedtaket ser vi at barnets meining og barnevernet sine vurderingar kjem fram.

I 3 saker har informasjon frå instansane ikkje kome fram, men barnevernet avsluttar saka utan at det er ei vurdering av kvifor opplysningane ikkje er nødvendige likevel.

Vi ser at vurderingar kjem fram i undersøkingsrapport og vedtak, som dei skriv på slutten av undersøkinga.

Intervjua

Dei tilsette fortel at malen for midtvegsevaluering er relativt ny, og dokumentet er ikkje tilstrekkeleg innarbeidd. Malen er ikkje tilgjengeleg i Familia, men må hentast utanfrå. Dette vert omtala som tungvindt og gjer at dette ikkje alltid blir gjort i praksis. I samband med midtvegsevaluering fortel dei tilsette at dei nokre gongar involverer foreldre i midtvegsevalueringa.

Dei tilsette seier foreldre vert informert dersom tenesta avsluttar saka med bekymring. Dei seier at vurderinga knytt til dette vert omtale i vedtaket og ført i journalnotat.

Dei tilsette bekreftar at dei nokre gongar avsluttar saker før all informasjon har kome inn. De fortel da at dei ofte ringer opp til dei instansane dei venter på informasjon frå, og får informasjonen munnleg. Dersom dette ikkje skjer, så tek tenesta ei vurdering på om saka kan avsluttast utan informasjonen som manglar. De tilsette meiner både samtalar med instansane og/eller vurderingar knyta til å avslutte utan at informasjonen kommer inn, vert dokumentert i journal.

Dei tilsette meiner det bør vær dokumentert ei vurdering når dei avsluttar saka utan at opplysningar dei har bedt om, kjem inn. Det hender og at dei tar ein telefon til instansen dei har bedt om informasjon frå, som bør noterast ned. Her skjer det glipp.

Konklusjon i tråd med situasjonen og vurderingane

Skriftlege rutinar

I rutine «undersøking- metode» går det fram at ein skal føre opp problemstillingar som klargjer meldinga i sluttrapport. Problemstillinga vert klargjort ved starten av undersøkinga for å sikre ein raud tråd frå undersøkinga startar til den vert avslutta. Dette skal kontrollere at vegval undervegs av undersøkinga er godt dokumentert og konklusjonen skal synleggjere og svare på problemstillingane som ein utarbeidde i starten av undersøkinga.

Innsende saksmapper

I 13 saker har familieane fått tilbod om hjelpetiltak. I 3 av 4 saker kjem det fram kva slags tiltak barnevernet meiner er aktuelt i vedtaket, kor føresette takkar nei til tiltak. I 2 saker har barneverntenesta vurdert å leggje bort saka med bekymring, og i 1 sak er det utydeleg om saka er avslutta eller ikkje. I resten av sakene som var lagt bort var det ikkje aktuelt å avslutte med bekymring.

Det mangla orientering om resultat av undersøkinga i 5 saker. Det er berre to saker der det er dokumentert at det er vurdert å opplyse offentleg meldar om innhald i tiltak.

I minst 15 saker er det gjort ei samla og avsluttande vurdering av alle tilhøve som har komme fram i undersøkinga. I 1 sak er dette ikkje gjort og i 5 saker (som gjeld fire er søsken) er det litt uklart.

I minst 15 saker er det utarbeidd en konklusjon som er logisk i forhold til den samla vurderinga og gitt de utfordringane som er omtala. I 1 sak er dette ikkje gjort og i 5 saker (der fire er søsken) er det litt uklart.

Korona

Intervju

Barnevernleier seier at det ikkje har vore særlege tiltak knytt opp til koronasituasjonen. Det har vore lite smitte i samarbeidskommunane, og undersøkingarbeidet har vore drive som normalt. Dei tilsette har vore på heimebesøk. Alle barn som det har vore bekymring rundt, fekk tilbod om barnehageplass. Ungdommane fekk tilbod om eit tilpassa opplegg, men det har ikkje vore mykje brukt. Samarbeidsmøta har vore gjennomført på Teams, og dei har brukt heimekontor. Det har ikkje vore noko ekstra sjukefråvær på grunn av korona.

4. Vurdering av faktagrunnlaget opp mot aktuelt lovgrunnlag

I dette kapittelet vurderer vi fakta i kapittel 3 opp mot lovbestemmingane i kapittel 2.

Førebuing og planlegging av undersøking

Det går fram av barnevernloven § 1-4, at alle tenester etter lova skal være forsvarlege. I dette kravet ligg det at barneverntenesta har plikt til å sørge for etterretteleg og tilstrekkeleg dokumentasjon. Det må dokumenterast kva som er gjort i saka og grunngjeving for det ein skulle gjere.

I gjennomgangen av sakane finn tilsynet at det ikkje er klart når bekymringsmeldingar kjem inn til barneverntenesta, fordi dei ikkje er stempla inn og det er nokre gonger ulike datoar i dokument i saka. I 15 saker er det ikkje oppretta ei fagleg grunngjeving for at det opprettast undersøking. Tilsynet finn at det er fleire manglar ved meldingsavklaringane som er gjort, som at det manglar vurdering av hastetiltak, og er mangelfull informasjon om tidlegare kjennskap til familiane. Tilsette opplever at dei kjenner til om det er tidlegare kjennskap til familiane, og minner tilsynet på at det er små forhold i Setesdal barnevern.

Tilsynet finn heller ikkje vurderingar av om meldinga har innhald som gjer at ein bør undersøke tilhøva hjå søsken.

Tilsynet ser at det i fleire saker manglar ei vurdering av tidlegare kjennskap til familien. Det manglar og hypotesar og problemstillingar som gir retning til undersøkinga. Det er altså ein fare for at viktig informasjon frå tidlegare sakar og tema frå meldinga ikkje blir vurdert og vektlagt i ei ny undersøking. Gjennom intervju finn vi at dei tilsette og leiar er kjend med manglane og dei opplever at det er gjort forbetringar den siste tida.

I 2 av 3 sakar der det var aktuelt, har barneverntenesta vurdert om undersøkinga skal vær lukka. Tilsynet finn i saksgjennomgang døme på at tenesta fattar vedtak om å lukke undersøkingar. Barnevernleiar er kjend med at det ikkje er hensiktsmessig og har avvikla praksisen kort tid før tilsynet.

Det er ikkje eit lovkrav å ha ein undersøkingsplan, men det følgjer av kravet til forsvarlege tenester og av barneverntenesta sine interne rutinar. Årsaka til at det bør være ein undersøkingsplan er for å sikre systematisk arbeid med undersøkinga, sikre framdrift og at ein passar på fristar.

I 9 av sakene meiner vi at innhaldet i undersøkingsplanen ikkje svarar til innhaldet i meldinga.

I nokre saker er manglane at tilsynet meiner tenesta skulle ha vurdert umelde heimebesøk, nokre gjeld manglande samtale med barn og nokre gjeld at det er planlagt lite aktivitet i undersøkinga sett i samanheng med tema i bekymringsmeldinga. I 14 saker er ikkje planen levande. Det inneber at det ikkje er dokumentert i saka når ein gjer noko anna i undersøking enn det som var planlagt, eller vurderingar av planen. Dei tilsette opplever at undersøkingsplanen er eit godt verktøy, men dei får ikkje alltid inn endringane i planen.

I intervju med tilsette fortel dei om gode rutinar for å ha denne med i første møte med foreldra, men i 11 saker er det ikkje dokumentert at denne er vist foreldrane.

Gjennomføring av undersøking- innhald, omfang og framdrift

Foreldre og barn har rett til å medverke i undersøkinga, og barneverntenesta har plikt til å leggje til rette for medverknad og samarbeid. I forvaltningslova § 17 står det om foreldre/partane sin rett til å uttala seg i saka. Barneverntenesta pliktar å sørge for at foreldra får informasjon som er av vesentleg verdi, for at foreldre skal kunne ivareta retten til å uttale seg om saka som gjeld deira familie. Barneverntenesta har og rettleiingsplikt, og må derfor sørge for at foreldre og barn får informasjon om rettane dei har i ei undersøkingssak.

Gjennom saksgjennomgangen og intervju erfarer tilsynet at tenesta har ein praksis for å kontakte foreldre per telefon for å informere om at dei har motteke ei melding. I minst 16 saker ser vi at foreldre ikkje har motteke skriftleg informasjon om oppstart av undersøkingssak. Gjennom intervju høyrer tilsynet at foreldre i den fyrste telefonsamtalen stort sett får informasjon om meldinga, og at barnevernet lager avtale om fyrste samtale mellom barnevernet og foreldre. Tilsynet si vurdering er at det er risiko for at foreldre ikkje får informasjon om partsrettar, og om at dei kan få hjelp av ein fullmektig i møte med barneverntenesta. Tilsynet finn derfor at foreldre ikkje får ivareteke retten sin til hjelp av ein fullmektig og at barneverntenesta ikkje oppfyller sin rettleiingsplikta i tråd med krav til rettleiing i forvaltningslova § 11 og forsvarlege tenester i barnevernlova § 1-4. I intervju med tilsette og leiar får vi vite at tenesta har endra praksis, og leverer nå eit skriv om partsrettar til foreldre, som foreldre skal signere på at dei har fått.

Tilsynet ser i saksgjennomgangen at Setesdal barnevern har rutine for å innhente skriftleg samtykke til å hente inn opplysningar i undersøkinga. I om lag halvpartane av sakene kan vi ikkje sjå at foreldre er spurt om kven det kan være aktuelt å innhente informasjon frå, men tilsette forklarar at dette er noko dei gjer. I fleire enn halvparten av sakene kan vi ikkje sjå at foreldre får kjennskap til kva for spørsmål barnevernet sender ut. Tilsynet meiner det inneber ein vesentleg risiko for at foreldre ikkje får medverke i starten av undersøkinga.

Tilsynet finn og at det er risiko for at det samtykket barneverntenesta får frå foreldre, ikkje er eit informert samtykke, altså foreldre veit ikkje nøyaktig kva det er dei har samtykka til. Tilsynet ser i saksgjennomgangen at det generelt er mykje kontakt mellom kontaktpersonar og foreldre. Det er relevante tema som vert teke opp i samtalan og det er for det meste gjennomført heimebesøk. Tilsynet ser at det manglar dokumentasjon av vurderingar barneverntenesta gjer undervegs i saka. Det er noko betre i referat frå heimebesøk, men manglar stort sett etter samtaler med foreldre og barn. Barneverntenesta har plikt til å dokumentere etterretteleg, og tenesta si eigne vurderingar av det dei ser og erfarer gjennom kontakten er av vesentleg betydning for saka.

Barna er hovudpersonane i ei undersøking. Barn har ein sjølvstendig rett til å medverke, og barneverntenesta har deltatt i utviklingsprosjekt med forandringsfabrikken, «mitt liv», som handlar om å lage trygge tenester for barn. Barnas beste skal være det sentrale gjennom heile undersøkinga, og deira stemme er eit av dei viktigaste bidraga for å opplyse saka.

Barneverntenesta har ikkje snakka med barna i 2 saker kor tilsynet meiner dei borde gjort det. I saker kor barneverntenesta har snakka med barna, brukar dei snakke med barna meir enn ein gong. Barnevernet snakkar med barna aleine, og det er relevante tema som tas opp. Tilsynet saknar at barnevernet dokumenterer sine vurderingar etter samtale med barna.

Det er ikkje dokumentert i alle sakene at barna har fått informasjon om at dei har rett til å ha med seg ein tillitsperson i møte med barnevernet. Dette gjer at barna ikkje får moglegheit til å ta eit medvite val rundt kven dei ynskjer å ha med seg inn i samtalen.

Gjennom intervju registrerte tilsynet at tilsette snakkar med foreldre og/eller skolen om kven barna har tillit til. Dersom samtalen til dømes vert gjennomført på skolen, skal ein foreldre eller skolen har meint barna har tillit til være tilgjengeleg for å delta i samtalen. Tilsynet meiner barnevernet må sikre at barna alltid får informasjon om at dei kan ha med seg ein dei har tillit til.

Konklusjon i tråd med situasjonen og vurderingane

Barneverntenesta skal utarbeide ein sluttrapport, der faktum og vurderingar konklusjonen byggjer på, kjem fram. Statsforvaltaren ser at det i sluttrapporten og i vedtak som vert fatta, ofte inneheld gode vurderingar av barnet sitt behov. Det er gode døme på at det går fram av rapporten at prinsippet om barnets beste har vore med i vurderingar som er gjort.

Tilsynet ser at konklusjonane stort sett er logiske sett i høve til den samla vurderinga og utfordringane som er omtala.

I fleire saker er det ikkje sendt informasjon om resultat av undersøkinga til meldar, og vi registrerer at tenesta i hovudregelen ikkje vurderer om meldar skal få informasjon om innhald i tiltak.

Internkontroll

Opplæring og rutinar.

Setesdal barnevern består av få tilsette, som må dekke eit breitt fagområde. Tilsynet ser at det er laga plan for kursing og kompetanseheving, og dei tilsette har tilbod om rettleiing både internt og eksternt.

Tenesta har laga ei rutinehandbok. Frå intervju erfarer tilsynet at dei tilsette opplev handboka som eit godt oppslagsverk, og barnevernleier er nøgd med handboka. Dei har trong til å implementere handboka betre, og har no som regel å ta opp rutinar på fagmøte annankvar månad. Dette er eit av områda barnevernleier har omtalt i sin analyse av risikoområde i tenesta.

Statsforvaltaren si vurdering er at barneverntenesta har eit godt utgangspunkt i detaljerte rutinar. Dei tilsette opplev at dei endeleg har fått rutinar som dei har eigarskap til og nyttar. Tilsette har tilgang til fagleg informasjon gjennom Visma-rettleiaren og det er fleire ulike rettleiingar og opplæringsplanar for avdelinga si kompetanseheving i tida framover.

Gjennom intervju med barnevernleier erfarer tilsynet at tenesta har hatt god nytte av rettleiing frå rettleiingsteam og gjennom deling av kompetanse som vert teke opp gjennom KUBA-samarbeidet.

Rapportering og møtestruktur

Barnevernleiar har laga ei risikovurdering, og har planlagt tiltak for å redusere risikoen i 2021. Tilsynet vurderer det som positivt at tenesta er i gong med tiltak for å avgrense risiko, som barnevernleier har avdekket. Tiltak for å avgrense risiko for at lovkrav ikkje blir følgt er at rutinar blir gått igjennom annenkvar månad, og leggast til på leselista til dei tilsette i Compilo. Det er ei lita teneste, med få tilsette. Dei har intern møtedag på onsdagar, og desse møta skal gi faglege oppdateringar og bidra til kvalitetssikring av barnevernarbeidet i dei enkelte sakene.

Risikovurdering og avvikssystem

Barnevernleiar rapporterer direkte til kommunedirektør, mellom anna gjennom kvartalsrapportar og halvårsrapportar. Kommunedirektør og barnevernleier arbeider med å finne andre rapporteringsområde som kan være gode indikatorar på korleis det står til i barneverntenesta. Kommunedirektør har vore med når barnevernleier har presentert tenesta i kommunestyra i samarbeidskommunane, og har jamn kontakt med barnevernleier gjennom rettleiingsteam.

Tilsynet ser at avvikssystemet i kommunen er tatt i bruk av dei tilsette. Dette er avgjerande for at kommunen skal kunne skaffe seg systematisk oversyn over område der ser svikt eller fare for svikt i tenesta. Statsforvaltaren si vurdering er at kommunen har eit godt system for avviksmeldingar, og systemet er kjent for dei tilsette.

Oppsummering av funn

Tilsynet har møtt dyktige og truverdige fagpersonar i Setesdal barnevern. Tilsynet opplever at dei vi har møtt er ærlege om forbettringspotensialet i tenesta, og dei syner til at dei er og har vore i ei utvikling det siste halvanna året.

Tilsynet finn at det ikkje er god nok praksis for å dokumentere vurderingar om hastetiltak, om kvifor saka skal undersøkast, og tidlegare kjennskap og erfaring med familiar. Det er ikkje alltid vurdert om det skal være umelde tilsyn.

Oppsummert er tilsynet si vurdering at det ikkje er god nok praksis for å dokumentere drøftingar og vurderingar undervegs i undersøkingar. Undersøkingssplanen er ikkje eit praktisk verkøy som sikrar at planlegginga og framdrifta i undersøkinga er systematisk og forsvarleg. Det manglar formuleringar knytt til hypotesar og problemstillingar for undersøkingane. Det er ikkje god nok praksis for å sende underretning til offentleg meldar for å informere om konklusjonen av undersøkinga. Det er ikkje gode nok rutinar for å vurdere om meldar bør få kjennskap kva for tiltak som er vedteke.

Tenesta kan ikkje syne til god nok praksis for å sikre at foreldre vert gjort kjende med partsrettar og retten til å få hjelp av ein fullmektig. Det er ikkje sikra at barn som er i kontakt med barneverntenesta får informasjon om å ha med seg ein tillitsperson.

5. Statsforvaltaren sin konklusjon

Her presenterer vi konklusjonen av vår undersøking, basert på vurderingane i kapittel 4.

Valle kommune sikrar ikkje at alle undersøkingar er forsvarleg gjennomført på områda som gjeld

- Avklaring av bekymringsmelding
- Informasjon til familiene og barna
- Fortløpande vurderingar
- Planmessigheit/Struktur

Dette er det brot på

Forsvarleg sakshandsaming i undersøkinga, jf. Barnevernlov §§ 4-3 (undersøkingar) 1-4 (forsvarlege tenester) 1-6 (Medverknad) 1-7 (samarbeid med barn og foreldre), kommunelova § 25 (internkontroll).

Statsforvaltaren ber Valle kommune om å utarbeide ein plan for korleis lovbrotet skal rettast. Planen skal minst innehalde:

- Kva tiltak tenesta gjer for å unngå lovbroet i framtida
- Tidspunkt og ansvar for oppfølging av tiltaka

Frist for innlevering av plan for å rette opp lovbrotet settast til 1.10.21

Rapporten vert sendt over til Statens helsetilsyn for publisering på www.helsetilsynet.no

Med hilsen

Tore K. Haus (e.f.)
Direktør
Utdannings- og barnevernsavdelinga

Ida Øygard Danielsen
rådgivar
Utdanning- og barnevernsavdelingen

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Gjennomføring av tilsynet

I dette vedlegget omtalar vi korleis tilsynet ble gjennomført, og kven som deltok. Varsel om tilsynet vart send 2.2.2021. Tilsynet blei gjennomført 4.5.21.

Det blei gjennomført samtalar med foreldre 3.5.21 og 5.5.21. Tilsynet fekk ikkje kontakt med barn som informantar i dette tilsynet.

Tilsynsbesøket ble gjennomført ved Setesdal barneverntjeneste.

Tilsynet blei innleia med eit kort informasjonsmøte 4.5.21, og det vart haldt eit oppsummerande møte 6.5.21.

Etterspørte dokumenter var tilsendt og gjennomgått på forhånd.

Følgende dokumenter ble gjennomgått og vurdert som relevante for tilsynet:

- Arbeidsinstruksar for kontaktpersonar og barnevernleier
- Delegasjonsreglement for barneverntenesta
- Rutinar og malar
- Plan for opplæring og rettleiing
- ROS- analyse
- Beskriving av avvikssystemet, og oversikt over avvik
- Samtykkeskjema
- Organisasjonskart
- Dei 20 siste undersøkingane 20.3.21.

I tabellen under gir vi en oversikt over kven som blei intervjuet, og kven som deltok på oppsummerande møte ved tilsynsbesøket

Ikkje publisert her

Desse deltok fra tilsynsmyndigheten:

Rådgjevar, Åse Nesbu, Statsforvalteren i Agder, revisor
Seniorrådgjevar, Gro Lislegard-Bækken, Statsforvalteren i Agder, revisor
Seniorrådgjevar, Marit Fiane Grødum, Statsforvalteren i Agder, revisor
Rådgjevar, Ida Danielsen, Statsforvalteren i Agder, revisjonsleier

Kopi til:

Bygland kommune, att. kommunedirektør, Kommunehuset 4745 BYGLAND
Statens helsetilsyn Postboks 231 Skøyen 0213 OSLO
Bykle kommune, att. kommunedirektør Sarvsvegen 14 4754 BYKLE

Alle tilsynsrapporter fra dette landsomfattende tilsynet

2020–2021 Undersøkelser i barnevernet

Fra: [Tor Ole Holbek](#)
Til: [Inger Lise Austrud](#)
Emne: VS: Varsel om Bygland kommune
Dato: fredag 17. september 2021 15:15:10
Vedlegg: [2020-02-26 referat møte m grunneigarane.pdf](#)

Fra: Knut Olav Frøysnes <kofroysnes@gmail.com>
Sendt: torsdag 2. september 2021 14:47
Til: Tor Ole Holbek <Tor.Ole.Holbek@agderkomrev.no>
Emne: Fwd: Varsel om Bygland kommune

Rev. varsel. Eg oppdaga at det er feil årstall og skrivefeil heil i slutten. Her er dette retta:

Varslar med dette revisjonen om Bygland kommune sin manglande oppfølging av ulovleg tiltak etter pbl. og urett informasjon til PMR-utvalet.

Saka gjeld Statens Vegvesen sitt brot på søknadsplikt for tiltak utført i 2012 med utviding av veg og bygging av fortau på RV9 gjennom Frøysnes i Bygland.

Etter at Statens Vegvesen gjennomførte det ulovlege tiltaket i 2012 har det kome fleire mangelfulle søknader frå Statens Vegvesen som ikkje har vore realitetsbehandla. Siste søknad frå Statens Vegvesen kom våren 2018. Bygland kommune gjorde vedtak om pålegg og tvangsmulkt som ble påklaga av Statens Vegvesen. Fylkesmannen oppheva vedtaket 29.11.2019:

Vi kan på denne bakgrunn ikke se annet enn at kommunen enten skulle ha realitetsbehandlet søknaden, eller avvist søknaden med hjemmel i pbl. § 21-6, før kommunen kunne gå videre med nytt vedtak om pålegg og tvangsmulkt med frist 01.07.19. Det nye vedtaket forutsetter at det fortsatt forelå en overtredelse av loven, i form av manglende søknad om tiltak, jf. vilkårene i pbl. §§ 32-3 og 32-5, og det kan man ikke konkludere med uten først å ha tatt stilling til søknaden som forelå. Vedtaket må derfor oppheves slik at kommunen kan ta stilling dette.

Underteikna og ein anna grunneigar hadde møte med Bygland kommune 26.02.2020. Konklusjonen var at kommunen vurderte å få juridisk bistand i saka og ønsker å ta opp saka i PMR 24.03.2020. Referat fylgjer vedlagt.

Dette har hendt i PMR:

01.04.2020:

PS 35/20 Orienteringssaker

Utvalseiar orienterte om fylgjande: Kommunen har bedt om juridisk bistand i høve Frøysnessaka

17.11.2020:

PS 90/20 Orienteringssaker

Kåre Einar orienterte om fylgjande:

Til neste møte vil PMR få advokatens vurdering av Frøysnessaka

På "neste møtet" kom ikkje saka opp, og eg fekk munnleg svar frå leiar i PMR at juristane måtte ha eit par veker til på den. Det ville enten komme som ekstra møte eller på neste ordinære møte.

Underteikna har bedt om innsyn og meirinnsyn i alle dokument i saka etter møtet med grunneigarar 26.02.2020. Først fekk eg avslag på meirinnsyn fordi ein ikkje var part i saka. Etter klage fekk eg avslag fordi det ikkje er dokument i saka.

Med bakgrunn i at det ikkje finst dokument i saka ut over kommunikasjonen med underteikna konkluderer underteikna med at PMR utvalet har fått URETT orientering om saka, og det har ikkje blitt utført saksbehandling i saka etter møtet med grunneigarar 26.02.2020

Etter å bedt om nytt møte med Bygland kommune heilt sidan 18.11.2020 hadde underteikna og ein anna grunneigar møtet med Kommunedirektøren 31.08.2021. Møtet ga ingen avklaring av kven som faktisk er saksbehandlar og framdrift i saksbehandling av byggesøknaden.

Status i saka er kort fortalt at Statens Vegvesen har gjennomført eit ulovleg tiltak som Bygland kommune ikkje følger opp. Bygland kommune har ein søknad frå Statens Vegvesen våren 2018, som Bygland kommune i følge Fylkesmannen skal realitetsbehandle eller avvise med heimel i pbl. § 21-6.

Helsing

Knut Olav Frøysnes
Eigar av 19/2 og 19/4 på Frøysnes

Referat frå møte mellom grunneigarar og Bygland kommune

Sak: Gjennomført endring av veg gjennom Frøysnes

Stad og dato: Kommunehuset, 26.02.20

Til stades:

Frå Bygland kommune: Eivind Mauland, Kåre Einar S. Larsen, Sonja Lien Skjevraak (referent)

Frå grunneigarane: Knut Olav Frøysnes, Vidar Frøysnes

Bakgrunn: Grunneigarane har bedt om møte

Tema:

1. Status frå BK

- a. 29. november 2019 oppheva fylkesmannen (FM) vedtaket om ulovlighetsoppfølging, dette inneber at siste gyldige vedtak er frå september 2014
- b. Bygland kommune (BK) har ei uttrykt forventning om at SV leverer ein komplett søknad med god kvalitet ut i frå den kompetansen dei sit på

2. BK si mynde og plikter

- a. Pliktar å forfølge ulovlegheit
- b. Sakshandsaming og kontroll

3. Status frå grunneigarane

- a. Grunneigarane orienterte om dialogen med SV i 2019 og grunneigarane sine svar på nabovarsel frå SV samt fråsegn frå grunneigarane frå juni 2019

4. Veggen vidare

- a. BK vurderer å få juridisk bistand for å sikre det juridiske haldet i saka
- b. BK og grunneigarane har eit sterkt ønskje om å få framdrift i saka
- c. Adm ønskjer å få saka opp i PMR 24. mars, PMR har bedt om orientering frå Eivind Mauland (EM) i høve til saka

Knut Olav Frøysnes
Eivind Mauland
Sonja Lien Skjevraak

Fra: [Tor Ole Holbek](#)
Til: [Inger Lise Austrud](#)
Emne: VS: Klage på avslag om innsyn i Bygland kommune
Dato: fredag 17. september 2021 15:16:46
Vedlegg: [Tilbakemelding på krav om innsyn.pdf](#)
[Svar frå fylkesmannen.PDF](#)
[Oversending frå Bygland kommune til fylkesmannen.PDF](#)

Fra: Knut Olav Frøysnes <kofroysnes@gmail.com>
Sendt: mandag 6. september 2021 09:39
Til: Tor Ole Holbek <Tor.Ole.Holbek@agderkomrev.no>
Emne: Fwd: Klage på avslag om innsyn i Bygland kommune

Nedanfor, og vedlagt følger saka om innsyn frå 2020:

Underteikna bad i sommar om nytt innsyn i alle dokument frå 2020 og 2021, inkl. eventuelle e-poster og fakturaer frå jurist. Sjølv om det er purra har det ikkje kome svar på den delen av innsynet. Det er nå sendt klage på avslag om innsyn.

Helsing

Knut Olav Frøysnes
tlf 90604311

Fra: "Knut Olav Frøysnes" <kofroysnes@nettkroken.no>
Til: "fmagpost" <fmagpost@fylkesmannen.no>
Kopi: "Gunnar Refsland" <fmavgre@fylkesmannen.no>
Sendt: Onsdag, 24. Juni 2020 23:57:48
Emne: Fwd: Klage på avslag om innsyn i Bygland kommune

Ver grei å sjå vekk frå forrige e-post. Det var feil på ein dato, dette er retta her:

Viser til:

- Klage frå underteikna 16.06.2020 (følger nedanfor i denne e-posten)
- Oversending av klage til fylkesmannen i Agder frå Bygland kommune 17.06.2020

Underteikna ynskjer å gjere Fylkesmannen spesielt merksame på følgjande:

Bygland kommune skriv no at det einaste dokumentet i saka som er registrert i 2020 er referat frå møte med grunneigarane. Viser til protokoll frå Plan, miljø- og ressursutvalet 05.05.2020: PS 35/20 Orienteringssaker: Utvalsleiar orienterte om følgjande: Kommunen **har bedt om** juridisk bistand i høve Frøysnessaka (Underteikna si utheving). For å ha bedt om juridisk bistand i saka må det nødvendigvis vere sendt (eller sendast)

saksdokument med faktiske opplysningar til den som skal bistå. Desse dokumenta krev underteikna innsyn i.

I tilbakemelding frå Bygland kommune frå den 18.05.2020 står det at det er halde internt møte både før møtet i PMR 04.02.2020 og 05.05.2020. Underteikna er kjent med at leiar PMR har vore med på desse møta, og er undrande til at det ikkje er referat frå desse møta.

Underteikna kan ikkje sjå at Bygland kommune har handsama klaga i høve til om grunneigarane er part etter Forvaltingslova § 2e og innsyn etter Forvaltingslova § 18c

Klage på manglande oppfølging av ulovleg tiltak frå Bygland kommune.

Saka om Statens Vegvesen sitt ulovlege tiltak, bygging av fortau og utviding av veg utan byggesøknad eller reguleringsplan, har halde på sidan 2012. Dersom det ikkje finst eit einaste dokument ut over møtet med grunneigarane i 2020, meiner underteikna at Bygland kommune ikkje følgjer opp saka slik dei skal. Underteikn bed Fylkesmannen følgje opp saka frå 2013 der grunneigar Torbjørn O. Frøysnes (far til underteikna) i brev til fylkesmannen krev at Bygland kommune snarast må starte sakshandsaming av anleggsarbeidet, og eventuelt ta i bruk dei maktmiddel som er føreskriva i Plan- og bygningslova § 32.

--

Helsing

Knut Olav Frøysnes

E-post: kofroysnes@nettkroken.no

Fra: "Knut Olav Frøysnes" <kofroysnes@nettkroken.no>

Til: "fmagpost" <fmagpost@fylkesmannen.no>

Sendt: Tirsdag, 16 Jun. 2020 10:45:50

Emne: Klage på avslag om innsyn i Bygland kommune

Viser til:

E-post om innsyn sendt til Bygland kommune 12.05.2020

(Dokument 3166/2020, følgjer nedafor i denne e-posten)

Svar med avslag om innsyn frå Bygland kommune 18.05.2020

(Dokument 3381/2020, vedlagt som pdf.)

E-post med klage på avslag om innsyn sendt til Bygland kommune

18.05.2020 (Dokument 3386/2020, følgjer nedafor i denne e-posten)

Underteikna har ikkje fått svar på klage på avslag om innsyn.

Klagar med dette på Bygland kommune sitt avslag om innsyn frå

18.05.2020, og på at Bygland kommune ikkje har handsama klaga.

--

Helsing

Knut Olav Frøysnes

E-post: kofroysnes@nettkroken.no

Telefon 90 60 43 11

Fra: "Knut Olav Frøysnes" <kofroysnes@nettkroken.no>

Til: "post" <post@bygland.kommune.no>

Kopi: "eivind mauland"

<eivind.mauland@vennesla.kommune.no>

Sendt: Mandag, 18 Mai 2020 20:16:43

Emne: Klage på avslag om innsyn

Viser til dykkar ref. 2020/1-189

Klager med dette på avslag om innsyn.

Viser til offentleglova §11: "Når det er høve til å gjere unntak frå innsyn, skal organet likevel vurdere å gi heilt eller delvis innsyn. Organet bør gi innsyn dersom omsynet til offentleg innsyn veg tyngre enn behovet for unntak." Så vidt underteikna er kjend med har Bygland kommune t.o.m. eige vedtak om å praktisere meirinnsyn. Ein kan ikkje sjå at meirinnsyn er vurdert for det enkelte dokument innsynet gjeld. Underteikna held fast på krav om meirinnsyn.

Viser til forvaltingslova § 2 e "part, person som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder." Det ulovlege tiltaket som er utført av Statens Vegvesen er utført utan søknad og reguleringsplan på grunneigarane sine eigedomar. Behandling og vedtak i saka vil ha direkte verknad på grunneigarane sin eigedom. Saka gjeld derfor grunneigarane direkte. Grunneigarane må i.f.m. innsyn handsamast som part i saka. Underteikna held fast på kravet om innsyn etter forvaltingslova § 18 c.

For eigar av 19/2, 19/5 og 19/4

Sidan dette dokumentet er elektronisk manglar underskrift. Dersom Bygland kommune krev at klaga er signert for hand for å handsame den bed ein om melding om dette snarast.

--

Helsing

Knut Olav Frøysnes
E-post: kofroysnes@nettkroken.no

Fra: "Knut Olav Frøysnes" <kofroysnes@nettkroken.no>
Til: "eivind mauland"
<eivind.mauland@vennesla.kommune.no>, "post"
<post@bygland.kommune.no>
Kopi: "Brian Nordmark Skjefrås" <brian@advokat-stokkeland.no>
Sendt: Tirsdag, 12 Mai 2020 0:38:00
Emne: Innsyn

Kan dykk sende meg kopi av signert referat frå møtet som var 26.02.2020 mellom Bygland kommune og representanter for nokre av grunneigarane på Frøysnes.

Viser til protokoll frå Plan, miljø- og ressursutvalet
04.02.2020
PS 7/20 Orienteringssaker
Plan, miljø- og ressursutvalet si handsaming av sak 7/2020 i møte den 04.02.2020:
Utvalsleiar: Det har vore eit formøte i høve Frøysnessaka tidlegare i dag
Kåre Einar S. Larsen: Status Frøysnessaka og vegen vidare

Viser til protokoll frå Plan, miljø- og ressursutvalet 01.04.2020
OS 2/20 Orientering frå administrasjonen om status og ulovlegheitsoppfølging på Frøysnes

Viser til protokoll frå Plan, miljø- og ressursutvalet 05.05.2020
PS 35/20 Orienteringssaker
Utvalsleiar orienterte om fylgjande: Kommunen har bedt om juridisk bistand i høve Frøysnessaka

Grunneigarane har ikkje høyrte noko frå Bygland kommune etter møtet i februar.

Grunneigarane bed med dette om innsyn alle dokumenta i saka for 2020, også interne dokument og dokument i.f.m. juridisk bistand. Ein grunngev denne førespurnaden om meirinnsyn med den lange sakshandsamingstida og at grunneigarane er part som er ramma av Statens Vegvesen sin bygging utan godkjent dispensasjon, byggesøknad eller reguleringsplan. Dersom det ikkje vert gjeve meirinnsyn bed ein om at det vert gjeve innsyn dei delar av alle dokument som inneholder faktiske opplysninger eller sammendrag eller annen bearbeidelse av faktum. (ref. forvaltingslova § 18 c)



--

Helsing

Knut Olav Frøysnes

E-post: kofroysnes@nettkroken.no



Knut Olav Frøysnes

Vår ref.:
2020/1-189

Sakshandsamar:
Kåre Einar S. Larsen
kare.larsen@bygland.kommune.no

Dato
18.05.2020

TILBAKEMELDING PÅ KRAV OM INNSYN

Administrativt vedtak sak nr.: 346/20

INNLEIING

Bygland kommune syner til dykkar krav om innsyn, dagsett 12.5.20.

Kommunen gjer innleiingsvis merksam på at vi framleis er i prosess i høve til den pågåande saka om oppfølging av ulovlegheit. Difor er krav om innsyn i interne saksførebuingar vurdert i tråd med offl. § 14, jf. fvl. § 18 a, om unntak frå innsyn.

Jf. fvl. § 2 pkt. e, er part i sak definert som «*person som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder*». I saka om ulovlegheitsoppfølging er partane Bygland kommune og Statens Vegvesen. Dette inneber at grunneigarane på Frøysnes ikkje er vurdert å vere part i saka i høve til innsynsrett.

HEIMELSGRUNNLAG

- Offentleglova kapittel 2 «Hovudreglane om innsyn», og § 14.
- Forvaltningslova §§ 2 e, 18, 18 a, 18 c.

TILBAKEMELDING PÅ INNSYNSKRAV

I det etterfølgjande vil Bygland kommune gi tilbakemelding i høve til dei punkta som det er bedt om innsyn i.

Signert referat frå møte 26.2.20

Vedlagt følgjer kopi av signert referat frå møtet som var 26.02.2020 mellom Bygland kommune og representantar for nokre av grunneigarane på Frøysnes. Dette vart og delt ut i møtet 26.2.20.

Møte i PMR 4.2.20

I forkant av møte i PMR 4.2.20 vart det heldt eit internt møte kor ein diskuterte vegen vidare. Det vart ikkje ført skriftleg referat frå møtet, men tema og innhald i møtet handla i korte trekk om det som vart gjort greie for i møte med grunneigarane 26.2.20.

Møte i PMR 1.4.20

Til dette møtet i PMR var det ein feil i utsendinga av den fyrste innkallinga, så det var ingen orienteringssak om tema i møtet. Vedlagt følgjer e-post (dagsett 26.3.20) som vart sendt til medlemmane i PMR og representantar frå administrasjon frå sekretær i utvalet som stadfestar dette.

Møte i PMR 5.5.20

I forkant av møte i PMR 5.5.20 vart det heldt eit internt møte kor ein i hovudsak diskuterte juridisk bistand i saka. Det vart ikkje ført skriftleg referat frå møtet, og innhaldet i diskusjonane er vurdert å vere unnateke for innsyn jf. offl. § 14, jf. fvl. § 18 a.

Utvalsleiar orienterte i sjølve utvalsmøtet om at kommunen er i dialog med advokatfirma.

Andre dokument i saka i 2020

Det er per i dag ikkje registrert dokument i saka i 2020 som kommunen vurderer dykk kan få innsyn i jf. offl. § 14, jf. fvl. § 18 a.

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Om Bygland kommune har sendt dette dokumentet elektronisk, vil det mangle underskrift.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse til kommunen (jfr.§28 i forv.lova). Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til påført adressat (jfr.§29 i forv.lova). Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen.

Jfr. § 32 i forv.lova skal klaga sendast skriftleg og underteikna til den som har gjort vedtaket, oppgje vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringar som ein ønskjer, og dei grunnar klaga støttar seg til. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, bør du også oppgje når denne meldinga kjem fram. Sakshandsaminga i klagesaker fylgjer §§ 28 – 36 i forv.lova

Avgjerdsmynde

Jfr. PS 81/16, handsama i kommunestyret 14.12.16 samt vidare delegasjon frå kommunedirektøren.

Personvern

Kommunedirektøren er behandlingsansvarleg i Bygland kommune. Han kan kontaktast på e-post post@bygland.kommune.no

Personvernombod i Bygland kommune er John A. Horve. Han kan kontaktast på e-post pvo@e-h.kommune.no.

Personopplysingane blir sletta i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande retningsliner i arkivlova. Du har i tråd med gjeldande lover rett til innsyn i dei personopplysingane vi handsamar om deg. Om du meiner at vi handsamar opplysningar om deg i strid med gjeldande lovverk, kan du fremje klage til Datatilsynet.

For meir informasjon, sjå Bygland kommune si heimeside <https://www.bygland.kommune.no/personvern-og-gdpr.472958.nn.html>



BYGLAND KOMMUNE

Sentrum 18
4745 BYGLAND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lene Nystad Jakobsen, 37 01 78 35

Bygland kommune. Fylkesmannen si vurdering av krav om innsyn knytt til sak om brot på plan- og bygningsloven

Vi viser til kommunen si oversending mottatt her 17.06.2020.

Bakgrunn for saka.

Knut Olav Frøysnes har på vegne av eigarane av gnr/bnr 19/2, 19/5 og 19/4 bede om innsyn i sak om brot på plan- og bygningsloven mellom Bygland kommune og Statens Vegvesen frå 2020. Konkret oppfattar Fylkesmannen at det er det bede om innsyn i følgjande dokument:

- Referat frå møte mellom Bygland kommune og nokre av grunneigarane på Frøysnes 26.02.2020
- Referat frå formøte i høve Frøysnessaka før møte i Plan-, miljø- og ressursutvalet 04.02.2020
- Dokument frå møte i Plan-, miljø- og ressursutvalet 01.04.2020 vedrørande ulovligheitsoppfølging på Frøysnes
- Dokument i forbindelse med at kommunen har bedd om juridisk bistand i høve Frøysnessaka, jf. protokoll frå møte i Plan-, miljø- og ressursutvalet 05.05.2020.

I tillegg er det uttrykkeleg bede om innsyn i alle dokument frå 2020 som finnast i saken, også interne dokument og dokument i samband med juridisk bistand.

Kommunen trefte vedtak om innsyn den 18.05.2020. Frøysnes blei da gitt innsyn i referatet frå møtet mellom kommunen og grunneigarane datert 26.02.2020. Men når det gjeld referat/dokument frå møte den 04.02.2020 og den 05.05.2020 opplyser kommunen at det i forkant av desse møta i Plan-, miljø- og ressursutvalet blei halde eit internt møte kor man diskuterte vegen vidare og juridisk bistand i saka. Det finnast ikkje noko skriftleg referat eller andre dokument frå nokre av desse formøta. Når det gjeld møtet den 01.04.2020 opplyser kommunen at det ikkje var nokon orienteringssak om dette temaet i møtet, det var berre ein feil i utsendinga av den første innkallinga.

Kommunen vurderer at grunneigarane ikkje er å regne som part i saka, og har derfor ikkje rett til partsinnsyn. Vidare opplyser kommunen at det per i dag ikkje er registrert andre dokument i saka i 2020 som kommunen vurderer at det kan gis innsyn i jf. offentleglova (offl.) § 14 jf. forvaltningslova (fvl.) § 18 a.



Frøysnes har på vegne av grunneigarane sendt klage til kommunen den 18.05.2020. Han klagar der på avslag på innsyn, og anfører at han ikkje kan sjå at det er vurdert meirinnsyn for det enkelte dokument som innsynskravet gjeld. Han anfører også at det ulovlege tiltaket som er utført av Statens Vegvesen er utført på grunneigaranes eigedomar. Behandling og vedtak i saka vil ha direkte innverknad på disse eigedomane, og saka gjeld derfor grunneigarane direkte. Grunneigarane må derfor bli rekna som part i saka, og klager krev partsinnsyn etter fvl. § 18 c.

Frøysnes sende så ein e-post til Fylkesmannen den 16.06.2020, kor han klaga på at kommunen ikkje hadde behandla klaga hans.

Kommunen vurderte klaga den 17.06.2020. Den legg til grunn at Frøysnes har fått innsyn i alle sakane/dokumenta, med unntak av det interne møtet i forkant av møtet i Plan-, miljø- og ressursutvalet 05.05.2020. Det er tidlegare opplyst at det ikkje ligg føre noko skriftleg referat frå dette interne møtet, og kommunen har dermed unntatt det munnlege innhaldet i møtet med heimel i offl. § 14 jf. fvl. § 18 a. Kommunen opplyser vidare at det einaste dokumentet som er registrert i 2020 er referatet frå møtet mellom grunneigarane og kommunen den 26.02.2020, og dette er det gitt innsyn i.

Frøysnes har i etterkant av kommunen si behandling av klaga sendt ein ny e-post til Fylkesmannen den 24.06.2020, kor han anfører at for å ha bedde om juridisk bistand i saka må det ha vore sendt eller skal sendast saksdokument til den som skal bistå. Dette ber han om innsyn i. Han anfører også at han er kjend med at leiar av Plan-, miljø- og ressursutvalet har vore med på dei saksforberedande interne møta, og stiller seg undrande til at det ikkje finnast referat frå desse møta. Klager kan heller ikkje sjå at kommunen har behandla klaga i høve til om grunneigarane er å rekne som part i saka. Det klagast til slutt på manglande oppfølging av ulovleg tiltak frå kommunen si side, og ber Fylkesmannen om å følgje opp saka frå 2013 der klagar sin far bad Fylkesmannen om å krevje at Bygland kommune snarast skulle starte saksbehandling etter pbl. kap. 32.

Fylkesmannen si vurdering av saka

Kommunen har uttrykkeleg opplyst at Frøysnes har fått innsyn i det einaste dokumentet som er journalført i saka i 2020, og at det ikkje finnes fleire skriftlege dokument i saka. Kommunen har elles avslått å gje innsyn i munnleg informasjon som blei gitt i det interne saksførebuingmøtet den 05.05.2020.

Til dette merkar Fylkesmannen først at det følger av hovudregelen i offl. § 3 at det er *«saksdokument, journalar og liknande register»* som er opne for innsyn etter offentleglova. Den nærare definisjonen av *«dokument»* er gitt i offl. § 4 første ledd, kor det er definert som *«ei logisk avgrensa informasjonsmengd som er lagra på eit medium for seinare lesing, lytting, framsyning, overføring eller liknande.»* Det sentrale her er at informasjonen må vere lagra på ein måte som gjer det mogleg å finne han at. Det vi seie at det ikkje er mogleg å krevje innsyn i munnleg informasjon som er gitt i eit møte, utan at denne informasjonen er lagra på eit eller anna vis. Situasjonen er altså ikkje at det er gitt delvis avslag på kravet om innsyn, men at Frøysnes nå har mottatt informasjon om at kommunen har gitt innsyn i alle dokument som finnast i saka i 2020.

Fylkesmannen har tidlegare svart på tilsvarande førespurnader, blant anna i sak 2017/1857.

Fylkesmannen la da til grunn følgjande:

«Situasjonen er altså at det ikke er gitt avslag på innsynsbegjæringen, men at «Rusinnsyn» har mottatt informasjon om at kommunen ikke har i sin besittelse flere dokumenter enn det allerede er gitt innsyn i. Etter Fylkesmannens syn kan slik informasjonsformidling ikke anses som et vedtak som kan påklages. Det er heller ikke vist til spesifikke dokumenter som mangler i klagen fra «Rusinnsyn».



Situasjonen synast å vere tilsvarande i denne saka som no er til behandling. Etter Fylkesmannen sitt syn er det ikke fatta noko vedtak som kan påklagast når kravet om innsyn er innvilga ved at det er gitt innsyn i alle journalførte dokument.

Vi merkar elles at kommunen bør vere oppmerksom på at såkalla interne saksforberedelsesmøte i nokre tilfelle kan vere å anse som møte i folkevalgt organ, og vil dermed vere underlagd møtereglane i kommuneloven. Det følgjer av kommuneloven § 11-2 at «*folkevalgte organer skal behandle saker og treffe vedtak i møter.*» I Prop. 152 L (2009-2010) s. 9 står det følgjande: «*Det er likevel klart at ein ikkje kan sjå bort frå møtereglane i lova ved å flytte realitetshandsaminga av saka til eit "formøte", eit "felles gruppemøte" for alle partia som deltek, eit "seminar", eit "orienteringsmøte" eller liknande, for deretter å gjere det formelle vedtaket i eit ordinært ope møte.*» Sivilombudsmannen har også i ei rekke tidlegare saker uttalt seg om kva møte som fell inn under kommunelova, vi viser blant anna til ombudsmannen si sak 2014/3082. Kommunen bør derfor vurdere om praksisen omkring interne saksforberedelsesmøte/formøte er i tråd med kommuneloven.

Når det gjeld klagar sin anførsel om manglande oppfølging av ulovleg tiltak frå kommunen si side fremheld Fylkesmannen at denne delen av klaga må følgjast opp lokalt i kommunen. Fylkesmannen vil som det klare utgangspunkt ikkje foreta egen kontroll og/eller oppfølging av anførte lovbrøt basert på private førespurnader, da det er kommunen som er førsteinstans og har eit primæransvar for å handtere dette etter plan- og bygningsloven. Fylkesmannen vil likevel vere klageinstans for eventuelle vedtak som kommunen fattar etter pbl. kap. 32 i forbindelse med brot på plan- og bygningsloven. I den forbindelse behandla Fylkesmannen seinast den 29.11.2019 (sak 2018/10844) klage over kommunen sitt vedtak om pålegg og tvangsmulkt i sak om gang- og sykkelvei mv. langs RV9. Vi oppfattar at kravet om innsyn gjeld dette forholdet. Fylkesmannen oppheva da kommunen sitt vedtak, og sende saka til ny behandling i kommunen. **Ut i frå dei opplysningar Fylkesmannen har fremstår det som fornuftig at kommunen gir Frøysnes ei skriftleg tilbakemelding på kor saka står i dag.**

Fylkesmannen avsluttar med dette saka her.

Med helsing

Monica Bjørkholt (e.f.)
Ass. avdelingsdirektør
Justis- og vergemålsavdelingen

Lene Nystad Jakobsen
seniorrådgiver
Justis- og vergemålsavdelingen

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Knut Olav Frøysnes

Moseidvegen 5 4706 Vennesla



005224 - 470124682024750310011

7385726 - 3



FYLKESMANNEN I AGDER
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Vår ref.:
2020/1-221

Sakshandsamar:
Kåre Einar S. Larsen
kare.larsen@bygland.kommune.no

Dato
17.06.2020

OVERSENDING AV KLAGE TIL FYLKESMANNEN I AGDER

Bakgrunn

Bygland kommune syner til klage på avslag om innsyn frå Knut Olav Frøysnes (heretter omtala som KOF), dagsett 19.5.20 (vedlegg 3).

Innsynskravet gjeld fleire tilhøve som KOF gjer greie for i sitt innsynskrav dagsett 12.5.20 (vedlegg 1). Bygland kommune gir tilbakemelding på dette innsynskravet i vårt brev til KOF dagsett 18.5.20 (vedlegg 2).

Bygland kommune v/underteikna tek sjølvkritikk for at klaga ikkje er blitt handsama før 17.6.20.

Vurderingar og konsekvensar

Kravet om innsyn frå KOF vart vurdert i tråd med offl. § 14, jf. fvl. § 18 a, om unntak frå innsyn for interne saksførebuingar.

I samband med handsaming av klaga har Bygland kommune vurdert dette i tråd med offl. § 11 om meirinnsyn.

Med bakgrunn i vår tilbakemelding av 18.5.20 er vi av den oppfatning av at KOF har fått innsyn i alle saker, med unntak av innhald i det interne førebuingmøtet vi hadde i førekant av møte i plan-, miljø- og ressursutvalet (PMR) 5.5.20. Innhaldet i møtet var av ein rein saksførebuande karakter, og handla i korte trekk om vidare arbeid med å få juridisk bistand i vår sak. Bygland kommune opprettheld vurderinga av at innhaldet i dette møtet er unnateke frå innsyn jf. offl. § 14, jf. fvl. § 18 a.

KOF kravde og innsyn i alle dokument i saka frå 2020. Det einaste dokumentet i saka som er registrert i 2020, er referatet frå møte med grunneigarane den 26.2.20. Sjå vedlegg 4, som er ei oversikt over alle journalpostar i sak 2017/1078 «Utbygging av fortau ved Rv9 på Frøysnes». Bygland kommune legg til grunn at KOF allereie har innsyn i dette dokumentet.

Konklusjon

Bygland kommune meiner KOF har fått innsyn i all den informasjon han har rett på i høve til sitt krav om innsyn. Vi opprettheld vår vurdering om at han ikkje får innsyn i informasjon frå det interne saksførebuingmøtet 5.5.20.

Bygland kommune bed Fylkesmannen i Agder ta ei vurdering på klaga.

Med helsing
Bygland kommune

Kåre Einar S. Larsen
Tenesteleiar Plan og Utvikling

Kopi utan vedlegg til:
Knut Olav Frøysnes

Om Bygland kommune har sendt dette dokumentet elektronisk, vil det mangle underskrift.

Fra: [Tor Ole Holbek](#)
Til: [Inger Lise Austrud](#)
Emne: VS: Brev frå Fylkesmannen til Bygland kommune 26.08.2013
Dato: fredag 17. september 2021 15:16:58
Vedlegg: [Fylkesmannen i Agder - Manglande sakshandsaming 26-08-2013.pdf](#)

Fra: Knut Olav Frøysnes <kofroysnes@gmail.com>
Sendt: mandag 6. september 2021 09:43
Til: Tor Ole Holbek <Tor.Ole.Holbek@agderkomrev.no>
Emne: Brev frå Fylkesmannen til Bygland kommune 26.08.2013

"Fylkesmannen ber kommunen syte for at saka no innan rimeleg tid vert handsama i samsvar med plan- og bygningslova sine føresegner"

Helsing

Knut Olav Frøysnes



FYLKESMANNEN I AUST-AGDER
Utdannings- og justisavdelingen

12/248



Bygland kommune
Sentrum

4745 Bygland

Dykkar ref.
12/248

Vår ref. (må givast opp ved svar)
Sak nr. 2013/2978 / FMAAHDP

Dato
26.08.2013

**BYGLAND KOMMUNE - ANGÅANDE FRÅSEGN FRÅ KOMMUNEN MED OMSYN TIL
MANGLANDE SAKSHANDSAMING I SAMBAND MED BYGGING AV FORTAU LANGS RV 9
GJENNOM FRØYSNES**

Vi viser til dykkar fråsegn i brev 13.08.13, motteke 14.08.13, i sak om manglande sakshandsaming i samband med bygging av fortau langs Rv 9 gjennom Frøysnes.

I brevet synar kommunen til at det fleire gonger har vore etterlyst dokumentasjon og formell saksgang frå vegvesenet, utan at vegvesenet har respondert på dette. Vidare synar kommunen til at det vil bli gjennomført synfaring på utført trasse saman med vegvesenet og berørte grunneigarar i august. Det opplysast om at kommunen vil arbeide vidare med saka, og at ho ikkje er lagt til sides eller avslutta.

Fylkesmannen ber kommunen syte for at saka no innan rimeleg tid vert handsama i samsvar med plan- og bygningslova sine føresegner. Vi minnar om at kommunen eventuelt må vurdere om det er grunnlag for å setje i verk tiltak etter plan- og bygningslova kapittel 32.

Med helsing

Eva Jørlo
seniorrådgjevar

Hanna de Presno
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.

Saksbehandlar: Hanna de Presno

Kopi til:
Torbjørn O. Frøysnes Frøysnes 4745 BYGLAND

Fra: [Tor Ole Holbek](#)
Til: [Inger Lise Austrud](#)
Emne: VS: Nye opplysningar: varsel om Bygland kommune
Dato: fredag 17. september 2021 15:17:22
Vedlegg: [Faktura Advokatfirma Hald & Co DA.pdf](#)

Fra: Knut Olav Frøysnes <kofroysnes@gmail.com>
Sendt: tirsdag 7. september 2021 09:45
Til: Tor Ole Holbek <Tor.Ole.Holbek@agderkomrev.no>
Emne: Nye opplysningar: varsel om Bygland kommune

Hei.

Det nytter å stå på. Det har endeleg kome svar på krav om innsyn frå 09.07.2021 etter fleire purringar/klager. Nedafor følgjer innsyn i faktura frå jurist, men avslag på innsyn i dokumenta. Avslaget er ikkje forma som vedtak, og manglar og informasjon om klagerett. Underteikna har klaga på avslaget:

Syner til svar nedafor og klager med dette på avslag om innsyn.

Så vidt underteikna er kjent med har Bygland kommune t.o.m. eige vedtak om å praktisere meirinnsyn. Underteikna kan ikkje sjå at meirinnsyn er vurdert for det enkelte dokument innsynet gjeld. (Syner til offentleglova §11.)

Det ulovlege tiltaket som er utført av Statens Vegvesen er utført utan søknad og reguleringsplan på grunneigarane sine eigedomar. Behandling og vedtak i saka vil ha direkte verknad på grunneigarane sin eigedom. Saka gjeld derfor grunneigarane direkte som part. Som part meiner underteikna at det skal gis innsyn i dokument som inneheld faktiske opplysningar eller samandrag eller anna «bearbeidelse av faktum». (Syner til forvaltningslova § 2 e og § 18 c)

Underteikna kan ikkje sjå at nokon av dokumenta i kommunikasjon mellom Bygland kommune og jurist er ført i den offentlege postjournalen. Bed om innsyn i postjournal for saka.

Ut frå faktura ser den juridiske vurderinga ut til å vere ferdig 15.12.2020.

Den juridiske vurderinga er ikkje lagt fram for PMR slik som det står at den skal i referatet til møtet i PMR 15.11.2020

Det var fleire høve til å legge fram vurderinga før sjef for Plan og Utvikling fratradte i april.

Helsing
Knut Olav Frøysnes
E-post: kofroysnes@gmail.com

----- Forwarded message -----

Fra: **John Salve Sigridnes** <John.Salve.Sigridnes@bygland.kommune.no>

Date: man. 6. sep. 2021 kl. 15:50

Subject: RV - 9 Frøysnes

To: Knut Olav Frøysnes <kofroysnes@gmail.com>

Cc: Jorunn Sørli Tveiten <jorunn.tveiten@bygland.kommune.no>

Viser til tidligere korrespondanse angående RV – 9 på Frøysnes.

Når det gjelder spørsmålet om saksbehandler er det uavklart og det jobbes med dette nå. Angående spørsmålet om innleid juridisk bistand stemmer det at kommunen har leid inn bistand i saken. Faktura for dette ligger vedlagt mailen. Fordi tidligere sjef Plan og Utvikling fratradte i april er arbeidet ikke ferdigstilt, og er foreløpig unntatt offentlighet jmf Offl. §15 Bygland kommune deler oppfatning med grunneierne om at det vil være fordelaktig at saken avklares, og søker å få den opp til politisk behandling så fort som mulig. Dette har imidlertid vært utfordrende på grunn av intern ressursmangel. Vi beklager dette.

Oppstart av planarbeid er politisk initiert og det er gitt orienteringer til styringsgruppa for arealdelen av kommuneplanen (PMR) om denne arbeidspakken. Vi jobber med en formell politisk forankring av dette initiativet.

Med håp om fortsatt god dialog.

Mvh.

John S. Sigridnes

Kommunedirektør

Bygland kommune

T: 99 09 46 63

Bygland kommune
Sentrum 18
4745 BYGLAND

Ordfører Sigbjørn Åge Fossdal

Advokatfirma Hald & Co DA
Torvet 3
4836 Arendal

Bank: 2801.49.54912
Org. nr: 947 743 635 MVA
E-post: post@haldco.no

Faktura

Nummer	Dato	Forfallsdato
413226	27.01.2021	06.02.2021

KID: 4132262

Til betaling kr 90 625,00

Kåre Einar Larsen

Sak: 8897 Vurdering av avtaler - ekspropriasjon mv

<u>Beskrivelse</u>	<u>Beløp</u>
Juridisk bistand i.h.t. vedlegg	72 500,00

Mva sats	Netto	Mva beløp	Brutto
Normal 25%	72 500,00	18 125,00	90 625,00

Totalt: 90 625,00

Etter forfall beregnes 8,5 % p.a. forsinkelsesrente.

Vedlegg faktura nr 413226

Dato	Ansatt	Beskrivelse	Antall	Beløp
Vurdering av avtaler - ekspropriasjon mv(8897)				
Timeregistrering				
31.08.2020	Ole Magnus Heimvik	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) reg sak mv.	1,00	2 000,00
08.09.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) redegjørelse fra OMH om saken, gj.g. dok	0,75	1 350,00
09.09.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) forts. gj.g. dok./faktum sak	3,00	5 400,00
01.10.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) div. gj.g. søknad med vedlegg	0,50	900,00
14.10.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) Gjennomgang/arbeid med notat	1,50	2 700,00
30.10.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) Gjennomgang/arbeid med notat	1,00	1 800,00
02.11.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) Kildesøk/notat	1,50	2 700,00
03.11.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) Kildesøk/notat	3,00	5 400,00
04.11.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) Arbeid med notat	3,00	5 400,00
06.11.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) intern gjennomgang, kildesøk, redigering mv	4,00	7 200,00
17.11.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) Intern drøftelse/avklaring videre oppfølging	0,25	450,00
24.11.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) Teams-møte.	1,50	2 700,00
24.11.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) Kort forberedelse til møte, samt intern gj.gang, oppsummering pr e-post av oppdrag/bestilling etter møte.	1,25	2 250,00

27.01.2021

26.11.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) e-post	0,25	450,00
27.11.2020	Ole Magnus Heimvik	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1)	3,00	6 000,00
07.12.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) kildeundersøkelser og div. søk, matrikkellov, jordlov mv.	2,50	4 500,00
10.12.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) vurd./kildesøk	2,50	4 500,00
11.12.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) Kildesøk, vurdering, intern drøftelse	3,00	5 400,00
14.12.2020	Oda K. Gravås	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) vurdering/ notat	3,00	5 400,00
15.12.2020	Ole Magnus Heimvik	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1)	2,00	4 000,00
27.01.2021	Ole Magnus Heimvik	Juridisk bistand i.h.t. vedlegg(1) e-poster og div avregning	1,00	2 000,00
Timeregistrering				72 500,00

Sum: 72 500,00